

INNSPEL TIL NYE RETNINGSLINJER FOR TILSKOTSORDNINGAR

Vestland fylkeskommune – Avdeling for kultur og folkehelse
Høyringsrunde 2026

55

avsenderar

160

innspel totalt

8

tilskotsordningar

Om dette dokumentet

Grunnlag	Innspel frå kommunar, organisasjonar og private aktørar som svarte på høyring om nye retningslinjer for tilskotsordningar, Vestland fylkeskommune 2026.
Openheit	Alle avsenderar er synlege. Ingen anonymisering er gjort.
Filtrering	Svar som berre inneheld «Ingen kommentar», «Ikkje relevant» eller tomme felt er fjerna. Ingen reelle innspel er fjerna.
Samanslåing	Generelle innspel og «Andre kommentarar» (to skjemakolonnar) er slått saman til eitt innspel per avsender under «Generelt (gjeld fleire ordningar)».
Ordningsvise innspel	Innspel til kvar av dei 7 tilskotsordningane er halde åtskilt og presentert kvar for seg.
Tema (stikkord)	Automatisk klassifisert etter nøkkelord i innspelsteksten.

Oversikt per tilskotsordning

Tilskotsordning	Tal innspel
Generelt (gjeld fleire ordningar)	47
Driftstilskot til kultur og folkehelse	35
Regionalt kulturfond Vestland	23
Livskvalitet og sosial utjamning	16
Friluftsliv – kartlegging og tilrettelegging	7
Stipend kultur og folkehelse	15
Investeringsstilskot til kulturarenaer	13
Nasjonale og internasjonale idrettsarrangement	4

AKKS Bergen

INN-050 · Organisasjon

Tema: Søknadsfristar, Søknadsprosess

Et praktisk innspill/ønske er at søknadsfrister utelukkende legges til ukedager, og ikke helgedager og/eller helligdager. Et annet generelt ønske er muligheten for noe lengre tegn/ordgrense i søknadsskjemaene til Vestland fylkeskommune. Det er eksempelvis vanskelig å si noe meningsfylt om hvordan vi jobber med fysisk tilgjengelighet og universell utforming med en svært begrenset tegngrense.

Tusen takk for at dere tilrettelegger slik at vi får muligheten til å komme med innspill.

Aktive Gamere

INN-053 · Idrettsorganisasjon

Generell tilbakemelding er at det er retningslinjene er oversiktlig og tydelige.

Alver kommune

INN-151 · Kommune

Tema: Den kulturelle spaserstokken, Søknadsfristar, Regional verdi, Kulturarv, Stipend

1. Me støttar generelt ei forenkling av tilskotsordningane. Bakgrunnen for endringane er oppgitt til å skulla gjera tilskotsordningar innan kultur og folkehelse enklare og meir oversiktlege. Me støttar generelt at fylkeskommunen legg opp til ei forenkling av tilskotsordningane, då mengda av ulike ordningar har vore stor. 2. Me ønskjer oss meir tid for å kunne gi gode innspel. Informasjon om endringane vart sendt ut 12. februar, med kring to vekers frist for tilbakemeldingar. Sjølv om fylkeskommunen her spør om innspel og dette ikkje er ei formell høyring, er likevel fristen uvanleg kort. Ordningane treff mange ulike fagfelt, som har lite tid til å sjå etter konsekvensar og moglegheiter på tvers, både internt i kommunane og opp mot det breie lokale kulturfeltet. Me skulle ønskja oss meir tid til å kunna gå gjennom retningslinjene. Det har ikkje vore tid til å kunna forankra innspel politisk. 3. Me saknar å kunna medverka. Me har ikkje registrert at det har vore medverknad frå kommunane til dei føreslegne retningslinjene. Somme av områda har vore gjenstand for langvarig samarbeid, til dømes friluftsliv, bibliotekutvikling, kulturarv og den kulturelle spaserstokken. Kommunane burde særleg ha vore invitert til å medverka innanfor desse områda, og mangelen på dette gjer at me ikkje har god nok innsikt i prosessane som har gått føre. 4. Me saknar meir innsikt i vurderingane som er gjort. Høyringa gir oss ikkje ei djupare oversikt over endringane som er gjort, eller vurderingane knytt til dette. Noko informasjon er tilgjengeleg via saksdokumenta til prosessen, men samanhengane mellom utgangspunkt og resultat er ikkje tydelege for oss. Me saknar informasjon om korleis dei økonomiske disposisjonane på generelt grunnlag vert sjåande ut ved dei einskilde underordna formåla. Det er ikkje mogleg for oss å sjå korleis endringane vil kunna slå ut for dei ulike temaa, anna enn informasjonen om at det samla budsjettet er auka, noko som er svært gledeleg. 5. Ordningane bør vera meir oversiktlege. I skildringa knytt til høyringa er det nemnd at det vil framleis vere mogleg å søkje støtte til dei same tiltaka som før, og det samla budsjettet for tilskotsordningane er auka. Føremåla med dei tidlegare ordningane er vidareførte. Samtidig opnar nye og større ordningar for at fleire og meir tverrfaglege tiltak kan få støtte. Me har ei bekymring knytt til at det er vanskeleg å forstå korleis desse formåla er vidareført, då retningslinjene viser til unntak, vurderingskriterium knytt til ulike formål, og titlar som ikkje alltid ser ut til å formidla innhaldet. Me er bekymra for at formålet med å forenkla ordningane har fått eit resultat som står fram som i overkant byråkratisk, sjølv om me forstår at tilskotsforvaltinga i fylkeskommunen sjølv sagt er ei omfattande og kompleks arbeidsoppgåve. 6. Vedtaksmynde og kulturlova. For stipendordningane ser det ut til at vedtaka er delegert til administrativt nivå, noko som står i samsvar med kulturlova. Etter vårt syn bør ei slik delegering òg vurderast for andre ordningar der kunst- og kulturfagleg skjønn kan spele inn, som til dømes delar av Regionalt kulturfond.

Askøy Kommune

INN-156 · Kommune

Tema: Frivillig sektor, Søknadsfristar, Regional verdi, Kulturminne

1) En fullstendig omlegging av fylkeskommunens tilskuddsordninger er en omfattende sak som berører en rekke fagområder. Det er positivt at kommunen inviteres til å gi innspill i forbindelse med saken. Samtidig vil vi bemerke at frist på 14 dager på å gi innspill vurderes som svært kort. Det har ikke vært mulig å forankre innspillene politisk, og tiden til dialog med det brede lokale kulturfeltet har vært begrenset. 2) Vi kan ikke se at det har vært medvirkning fra kommunene i arbeidet med de foreslåtte retningslinjene. Etter vårt syn burde kommunene og andre relevante høringsinstanser i denne saken vært invitert inn i medvirkningsprosesser tidligere i prosessen. 3) Det er positivt at fylkeskommunen vil sette sammen et erfaringspanel med representanter fra søkergruppene for evaluering og justering av ordningene etter implementering. 4) Askøy kommune er positive til at tilskuddsordningene revideres med sikte på å gjøre dem mer tilgjengelig og tydelige for de som søker. Vi mener at retningslinjene som er sendt til innspill imøtekommer hensikten til en viss grad, men at det stadig finnes forbedringspotensial mtp. å gjøre det tydelig hva de ulike ordningene skal støtte. I mottatt saksfremlegg vises det til at det «vil framleis vere mogleg å søkje støtte til dei same tiltaka som før, og det samla budsjettet for tilskotsordningane er auka. Føremåla med dei tidligare ordningane er vidareførte. Samtidig opnar nye og større ordningar for at fleire og meir tverrfaglege tiltak kan få støtte.» Vi opplever det som krevende å se hvordan formålene konkret er videreført i de nye ordningene. Retningslinjene inneholder unntak og vurderingskriterier som spenner over ulike formål, og flere av titlene tydeliggjør ikke nødvendigvis hva ordningen omfatter. Et eksempel på dette er at man for å finne tilskuddsordning knyttet til kulturminner må finne frem til tilskuddsordningen «Investeringsstilskudd til kulturarenaer med regionale funksjoner» 5) Askøy kommune støtter intensjonen om å rydde opp i og samle tilskuddsordningene, og ser verdien av et tydelig regionalt utviklingsvirkemiddel gjennom regionalt kulturfond. Samtidig mener vi at det er avgjørende at bredde- og amatørkulturen ikke kommer svekket ut av omleggingen. 6) Det fremgår i liten grad av mottatte saksfremlegg og retningslinjer hvilke vurderinger som er gjort, bakgrunn for endringer og sammenslåing av eksisterende ordninger, og hvilke konsekvenser endringene vil medføre. 7) Retningslinjene og utkast til saksfremlegg inneholder ikke informasjon om økonomiske disponeringer, hverken mellom ordningene eller internt i den enkelte ordning. Vi savner informasjon om dette. Det fremgår av saksframlegget at det samlede budsjettet er økt, hvilket er positivt. 8) Søknadsfrist for den enkelte ordning kommer frem av saksfremlegget, men ikke i den enkelte retningslinje. Etter vårt syn bør søknadsfrist fremgå tydelig i den endelige vedtatte retningslinjen for hver ordning.

Aulaseriene c/o Kulturinkubator AS

INN-145 · Kulturorganisasjon

Tema: Regional verdi, Søknadsprosess

Vi ser det som svært positivt at Vestland fylkeskommune videreutvikler sin tilskuddsportefølje og reduserer antallet ordninger, samtidig som alle formål fra tidligere ordninger ivaretas og den totale tilskuddspotten økes. Dette er godt kulturfaglig håndverk, og det gjør søknadsprosessene enklere, ryddigere og mer effektive både for søkere og administrasjon. Evaluering i 2026 og 2027 blir likevel viktig, da en så betydelig endring av tilskuddsporteføljen kan få utilsiktede konsekvenser som det er vanskelig å forutse – ikke minst fordi den tidligere porteføljen på over 50 ordninger hadde et ganske finmasket nett av formål og virkeområder. Vi håper både kommuner og flere fylkeskommuner følger i samme fotspor og berømmer Vestland fylkeskommune for å ligge foran i et slikt arbeid.

Gjennom forenklingen av tilskuddsporteføljen, frigjør fylkesadministrasjonen tid og ressurser som kommer både saksbehandlere, politikere og kulturlivet til gode. Vi tror også at fylkets kulturavdeling sitter på en unik kunnskap om hva som beveger seg av små og store tiltak rundt i regionen – kanskje mer enn noen annen offentlig instans. Kanskje det i fremtiden finnes rom hos fylkesadministrasjonen til å kunne identifisere potensielle gode samarbeidspartnere/-prosjekter iblant regionens kulturaktører – for å kunne tilrettelegge en slags matchmaking? Dette kan ses i lys av ordningen for regionalt kulturfond, og et slikt identifiseringsarbeid kan også finne sted gjennom å etablere møteplasser/nettverksseminarer for kulturlivet (slik vi vet allerede har vært utprøvd – og som vi støtter at det blir mer av). Da fortsetter man samtidig arbeidet med å bygge ned siloer og stimulere økt samarbeid på tvers av fagfellesskap.

Bømlo kommune

INN-108 · Kommune

Tema: Geografisk spreining, Regional verdi

Sein informasjon frå fylkeskommunen, gjer det vanskeleg å få til gode prosessar internt. Det let seg helle ikkje gjera å løfte dette politisk, noko som er uheldig. Omgrepa regional funksjon og regional verdi går igjen som omgrep i omtale av tilskotsordningane. Me saknar at omgrepet er tydlegare presisert og at det er definert kven som avgjer om noko er av regional verdi. Retningslinjene for kvar ordning bør vera tydlegare også kva beløp fylkeskommunen har til tildeling innanfor kvar ordning. Det står at det skal setjast ned eit erfaringspanel. Det står ikkje noko om kven som skal vera med her, men me oppmodar til god geografisk spreining.

Folkeakademiet Luster

INN-062 · Kulturorganisasjon

Omlegging er ofte å spare peng, det er ikkje so bra for oss som jobbar med dei eldre og dei bruka heile trygdi si på buutgifte, med mat.og stell og apotekrekning. Kultur har dei ikkje råd til.

Folkeakademiet Luster har ca 1 konsert i månaden på omsorgsenter kvart år. ca kt 7000 pr . måned. Kultur er helse for alle.

Folkeakademiet Hordaland epost: hordaland@folkeakademiet.no

INN-098 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Inkludering, Geografisk spreining, Kulturarv

Kultur som grunnlag for folkehelse og bulyst Tilgang til kultur er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Kultur skaper møteplassar, fellesskap og tilhøyrse – særleg i små lokalsamfunn der sosiale arenaer kan vere få. Når små bygder får tilgang til profesjonell kunst og eit breitt spekter av kulturuttrykk, også på det frivillege plan, styrkar det: • sosial deltaking og fellesskap • lokal identitet og stoltheit • trivsel og livskvalitet • bulyst og attraktivitet Folkeakademiet Hordaland sine lokallag har eit breitt og mangfaldig kulturtilbod. Lokallaga er lokalisert ute i bygdene og småplassane, ikkje i bykjerna. Aktivitetar som Kurs, konsertar, språkkafear, seniorkafear, turgrupper og anna har ei jamn god drift gjennom året og engasjerar mange. Berre i 2025 hadde vi opp mot 800 arrangement og over 48 000 deltakarar på våre arrangement. Det er viktig at tilskotsordningane er forutsigbare slik at dei mange eldsjelane våre kan leve og skape desse viktige treffpunkta. Folkeakademiet Hordaland har også satsingar som støttar og sambygger store arrangement som Fjordsteam, FN-dag på BIS, og Torgdagen. Dette er viktige arenaer for oss med tanke på ivaretaking av kulturarv og mangfaldet. Skal Vestland vere eit fylke der det er mogleg å bu og leve i heile geografien, må kulturpolitikken spegle dette. Vestland fylkeskommune har no ei viktig moglegheit til å styrke den kulturelle infrastrukturen i heile fylket. Skal ambisjonen om eit levande Vestland gjelde alle, må kulturpolitikken sikre at også dei minste stadene får tilgang til eit breitt og kvalitetssterkt kulturtilbod. Folkeakademiet Hordaland står klare til å utvikle denne rolla vidare – i samarbeid med fylkeskommunen og profesjonelle aktørar i heile regionen.

Folkeakademiet Sogn og Fjordane

INN-056 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielelegheit, Geografisk spreing, Driftstilskot

Innspel frå Sogn og Fjordane folkeakademi Nye retningslinjer for tilskot til kultur og folkehelse – Vestland fylkeskommune Vestland er eit stort og geografisk samansett fylke med om lag 637 000 innbyggjarar. Rundt 80 % bur i byar og tettstader, medan 15–20 % bur i spredtbygde og gravgrendte område. Store delar av fylket har låg folketettleik (ca. 18 innbyggjarar per km²). Dette gir særlege utfordringar knytt til tilgang på kunst og kultur i distrikta. Sogn og Fjordane folkeakademi arbeider etter prinsippet «Kultur der du bur». Vi organiserer kulturarrangement i små lokalsamfunn der profesjonell kunst elles sjeldan kjem. Vi representerer ein etablert distribusjonsstruktur som når ut til bygder og utkantar i fylket. Vårt hovudinnspel Dei nye retningslinjene må sikre at kulturpolitikken i Vestland ikkje berre støttar produksjon, men også distribusjon og arrangørledd i distrikta. Ordningar som bør prioriterast Driftstilskot til distribusjons- og arrangøraktørar i distrikta Føreseieleg driftstilskot er avgjerande for å sikre stabil aktivitet og langsiktig planlegging i små lokalsamfunn. Ordningar som vektlegg geografisk spreing som vurderingskriterium Prosjekt som når fleire kommunar og gravgrendte område bør prioriterast. Turné- og samarbeidsordningar mellom produsentar og lokale arrangørledd Det bør leggjast til rette for strukturar som gjer det enklare å leggje turnéar gjennom bygdene. Tiltak som kombinerer kultur og folkehelse i distrikta Kulturtilbod i små samfunn styrkar sosial deltaking, møteplassar og livskvalitet, og bør vurderast som del av folkehelsearbeidet. Langsiktige og føreseielege rammer framfor berre prosjektstøtte Små arrangørmiljø treng stabilitet for å kunne bygge kompetanse og nettverk. Avslutning Skal Vestland vere eit fylke der det er mogleg å bu og leve i heile geografien, må kulturpolitikken sikre reell tilgang til kunst og kultur også i dei minste lokalsamfunna. Sogn og Fjordane folkeakademi står klare til å bidra i denne utviklinga, og vi oppmodar fylkeskommunen til å prioritere ordningar som styrkar distribusjon, geografisk rettferd og kultur i distrikta.

Folkelig

INN-007 · Interesseorganisasjon

Jeg vet ikke om dette er tilfellet, men dersom det er forhåndsbestemt at det kun er eksisterende mottakere som skal få tilskudd, og nye tiltak/søkere uansett ikke vil få innvilget sine søknader (eller ihvertfall ikke vil bli prioritert) kan det gjerne opplyses om tydelig på forhånd, slik at man ikke trenger å bruke tid på å utforme en søknad som uansett ikke vil bli prioritert. Eventuelt en viktig/estimert fordeling av tilgjengelige midler til nye søkere versus eksisterende tilskuddsmottakere.

Hordaland Røde Kors

INN-128 · Frivillig organisasjon

Tema: Søknadsfristar

En tidlig frist og rask saksbehandling for tilskudd hadde vært høyst ønskelig, særlig når de er årlige tilskudd, og for satsninger og prosjekter som gjerne krever finansiering for å være gjennomførbare. Når en får en tildeling i f.eks. juni for midler som skal brukes innen året er omme skaper det mye økonomisk risiko for organisasjoner.

Vi takker for anledningen til å komme med innspill!

KFUK-KFUM Bjørgvin, og på vegne av også KFUK-KFUM Haugaland og KFUK-KFUM Sogn & Fjordane

INN-117 · Frivillig organisasjon

Vi tenkjer at det er viktig at tilskotsorsningane også rommar dei litt mindre regionale organisasjonane, at dei ikkje fell utanfor fylkeskommunale ordningar t.d. på grunn av medlemstal, aktivitetstal o.l. Då trur vi at det er fleire små organisasjonar som kan minste viktig stønad for drift og utvikling av arbeidet.

KIK Sunnhordland: Kompetanseheving på kulturarvfeltet

INN-099 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Geografisk spreing, Regional verdi

Innspelsperioden for kort til å gjere ei skikkeleg konsekvensutgreiing. Ordningane nyttar gjennomgåande omgrepa «regional verdi» og «regional funksjon» utan nærare definisjon. Det er uklårt om «regional» viser til delregionar eller til heile fylket, og kva kriterium som ligg til grunn for vurderingane når det gjeld dette. Manglande presisering svekkjer føreseielegheita. Me ber difor om ei tydeleg avklaring av omgrepsbruk og vurderingsgrunnlag.

Kulturskolerådet Vestland

INN-135 · Kultursektor

Tema: Inkludering

Kulturskolerådet Vestland står generelt omlagging av tilskotsordningar innan kultur og folkehelse. De har gjort eit godt arbeid! Mogleg kan det verte ei utfordring, at tiltak kulturskular o.a. gjer favner fleire ordningar, som gjer at søknader fell mellom ordningane og ikkje får støtte. T.d. prosjekt innan fordjuping/talent, som og inneber inkludering i høve funksjonsnedsetjing / utanforskap?

Likestillingssenteret på Vestlandet (KUN)

INN-142 · Frivillig organisasjon

Tema: Inkludering, Likestilling

Vi setter stor pris på endringen og ambisjonen til Vestland fylkeskommune om skape en enklere søknadsordning og mer treffsikker organisering av ordningene. Våre innspill går på å justere ordlyden i 2 av forslagene ved å inkludere begrepene «Likestilling» og «Mangfold». Dette er spesielt viktig da manglende likestilling og ubevisst diskriminering skaper barrierer som utestenger grupper fra samfunnsdeltakelse. For å legge til rette for økt samfunndeltakelse og god folkehelse også hos marginaliserte grupper kreves det eksplisitte likestillingstiltak. Offentlig sektor er lovforpliktet til drive et proaktivt likestillingsarbeid igjennom ldl. § 24 som omhandler offentlige myndigheters aktivitets og redegjørelsesplikt. Ved at fylkeskommunen spesifikt nevner at man ønsker å støtte organisasjoner og personer som arbeider med denne tematikken viser fylkeskommunen at man arbeider målrettet mot dette lovpålagte arbeidet og legger viktige føringer for aktører som søker økonomisk støtte til sitt arbeid fra fylkeskommunen.

LINK Bergen og omegn

INN-042 · Frivillig organisasjon

Tema: Driftstilskott

Vi er organisasjoner som er etablert i Bergen og har et stort potensial for videre utvikling og vekst. Samtidig opplever vi at det er krevende for organisasjoner som oss – med stort utviklingspotensial og mulighet for å utvide virksomheten til flere deler av fylket – å kvalifisere for driftstilskudd. Ordningene synes i stor grad å være innrettet mot organisasjoner som allerede har en etablert regional struktur, snarere enn organisasjoner som er i ferd med å utvikle regional virksomhet. Etter vår vurdering bør ordningene i større grad også legge til rette for organisasjoner med dokumentert potensial for regional utvikling.

Lærdal kommune

INN-133 · Kommune

Tema: Idrett

Veldig positiv til at tilskotsordningar blir samla slik – det er ei generell utfordring at det er eit slikt mylder av ordningar at ein blir heilt overvelda

Generelt meiner me tilskotsmidlane bør innrettast mest mogleg som drifts- og/eller investerings-/vedlikehaldstilskot. Det er enormt mykje gamle bygg eigd av både private, kommunar og organisasjonar som treng rehabilitering og/eller vedlikehald. Og me treng folk (les: driftsmidlar) til å jobba «hands on» me med folkehelse, idrett, kunst og kultur. No kan "nyskaping" vera så mangt - det kan også vera variantar av drifts- og investeringsmidlar - men me meiner altså at det er desse segmenta som bør prioriterast høgast.

Musea i Sogn og Fjordane STI

INN-037 · Organisasjon

styrkt vedlikehald og sikring av kulturhistoriske bygg •

Museum Vest

INN-081 · Museum

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Kulturarv, Museum, Berekraft

Vi takkar for høvet til å kome med innspel til dei nye retningslinjene for tilskotsordningane innan kultur og folkehelse. Museum Vest ser positivt på at fylkeskommunen ønskjer å gjere tilskotsordningar innan kultur og folkehelse enklare og meir oversiktlege. Samtidig ønskjer vi å gi ei klår tilråding om at dei tiltaka og ordningane som har vore retta mot musea må førast vidare når tilskotsordningane no blir endra. Musea er ein sentral del av kulturinfrastrukturen i Vestland, og utviklingsmidlane frå fylkeskommunen har vore avgjerande for å sikre kvalitet, samarbeid og profesjonell drift. Vestland fylkeskommune har i mange år vore ein nasjonal pådrivar for å styrke museumsfeltet. Fylket var tidleg ute med å etablere fullverdige bevaringstenester med fellesmagasin og konserveringsatelier, og er i dag først ute med å etablere eit regionalt samlingssentrum. Dette er satsingar som treff godt i museumspolitikken nasjonalt. Kulturdirektoratet har peika på behovet for betre sikring av samlingane, sterkare fagleg samarbeid, meir effektiv forvaltning og ei tydeleg rolle for musea i totalberedskapen. Vi er difor uroa over at musea ikkje er nemnde i dei nye retningslinjene slik dei ligg føre no. For å sikre vidare profesjonalisering og utvikling av museumsfeltet, er det avgjerande at musea får ein klart definert plass i ordningane, med tydelege kriterium og ein føreseieleg del av midlane. Når fleire tidlegare ordningar blir slått saman, risikerer musea å bli ståande att i konkurranse med andre formål som har heilt andre føresetnader. Midlar som tidlegare har vore retta mot museumsfagleg samarbeid, kulturarvsforvaltning, kompetansebygging, frivilligsamarbeid og organisasjonsutvikling kan bli vanskelegare å utløysa dersom dei ikkje blir øyremerkte eller definert som del av ordninga. I ein sektor som alt er pressa av løns og prisvekst, auka driftskostnader og nye plikter som livslang AFP, er det avgjerande at omlegginga ikkje svekkjer grunnlaget for musea si utvikling og drift.

Museum Vest ber om at Vestland fylkeskommune: 1. slår fast at musea er ein del av målgruppa i den nye ordninga, og at dette vert synleggjort i retningslinjene 2. fører vidare dei museumsfaglege tiltaka i Museumsloft, særleg kategori A (fellesløsningar), men òg kategori C–E 3. sikrar at det blir sett av ein tydeleg og føreseieleg del av tilskotsmidlane til museumssektoren 4. ivaretek både bygg, drift og fagleg utvikling i dei nye ordningane, slik at ikkje berre bygningsmessige tiltak blir ståande igjen 5. løftar fram musea si rolle i regional kulturpolitikk, spesielt knytt til sikring av kulturarv, kunnskapsproduksjon, berekraft og samfunnsberedskap Musea i Vestland har dei siste åra markert seg nasjonalt gjennom samarbeid, fagutvikling og nyskaping. Denne utviklinga har i stor grad vore mogleg nettopp fordi fylkeskommunen har hatt gode, målretta og museumsretta tilskotsordningar. Det er difor avgjerande at dei nye retningslinjene vidarefører og styrkjer denne innsatsen – til beste for kulturarven, for kunnskapsutviklinga og for innbyggjarane i Vestland.

Museumssenteret i Hordaland

INN-036 · Museum

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Kulturarv, Museum

Vi takkar for høvet til å kome med innspel til dei nye retningslinjene for tilskotsordningane innan kultur og folkehelse. MUHO ønskjer å gi ei klår tilråding om at dei tiltaka og ordningane som har vore retta mot musea må førast vidare når tilskotsordningane no blir endra. Musea er ein sentral del av kulturinfrastrukturen i Vestland, og utviklingsmidlane frå fylkeskommunen har vore avgjerande for å sikre kvalitet, samarbeid og profesjonell drift. Musea sitt behov for tydelege og føreseielege ordningar Vestland fylkeskommune har i mange år vore ein nasjonal pådrivar for å styrke museumsfeltet. Fylket var tidleg ute med å etablere fullverdige bevaringstenester med fellesmagasin og konserveringsatelier, og er i dag først ute med å etablere eit regionalt samlingssentrum. Dette er satsingar som treff godt i museumspolitikken nasjonalt. Kulturdirektoratet har peika på behovet for betre sikring av samlingane, sterkare fagleg samarbeid, meir effektiv forvaltning og ei tydeleg rolle for musea i totalberedskapen. Vi er difor uroa over at musea ikkje er nemnde i dei nye retningslinjene slik dei ligg føre no. For å sikre vidare profesjonalisering og utvikling av museumsfeltet, er det avgjerande at musea får ein klart definert plass i ordningane, med tydelege kriterium og ein føreseieleg del av midlane. Vidareføring av Museumsløft – dokumentert effekt og stor samfunnsverdi Tilskotsordninga Museumsløft har vore ei av dei mest verdifulle ordningane musea i Vestland har hatt tilgang til. Ho har: • lagt til rette for tverrfaglege utviklingsprosjekt • styrkt vedlikehald og sikring av kulturhistoriske bygg • gitt rom for fagleg samarbeid på tvers av institusjonar • medverka til samskaping med frivillig sektor • hatt ein utløysande effekt på nasjonale tilskot Prosjektet Nytt fokus på museumsgjenstandane illustrerer dette: støtte på 900 000 kroner frå Museumsløft over tre år har gjort det mogleg å utløysa om lag 4 millionar kroner frå Kulturdepartementet. Dette viser kor kritisk viktig ordninga har vore for å sikre utvikling og nasjonal relevans. Det er difor avgjerande at desse midlane ikkje forsvinn når dei vert førte inn i ei ny, større ordning. Særleg viktig: Vidareføring av tiltak for fellesløysingar og fagleg samarbeid (kategori A) Den reviderte Museumsløft ordninga i 2024 hadde fem tydelege kategoriar. Særleg viktig for museumsfeltet er kategori A: Tiltak som styrkjer fellesløysingar for musea i Vestland. Desse tiltaka har vore fundamentale for å utvikle felles faglege strukturar, mellom anna: • kartlegging av båtsamlingane ved musea i Vestland • forskingsinfrastruktur for musea i regionen • «Å forske saman» – som byggjer vidare på forskingsinfrastrukturen • samhandlingsprosjekt i regi av Bevaringstenestene Dette er prosjekt som har fått nasjonal merksemd og som bidreg direkte til at Vestland fylkeskommune kan nå måla i regional kulturplan, der det heiter: «Vestland vil utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.» (Kultur bygger samfunn, 2023, s. 30) I utkastet til ny ordning under Investeringsstilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar ser vi at det særleg er kategori B, knytt til bygg og vøling, som kan førast vidare. Tiltak i kategori A–E er ikkje nemnde. Dette er svært problematisk. Ein rein byggretta ordning vil ikkje ivareta dei faglege utviklingsbehova musea har, og vil undergrave det strategiske samarbeidet som har vore bygd opp over tid. Musea treng ein tydeleg plass i dei nye ordningane Når fleire tidlegare ordningar blir slått saman, risikerer musea å bli ståande att i konkurranse med andre formål som har heilt andre føresetnader. Midlar som tidlegare har vore retta mot: • museumsfagleg samarbeid, kulturarvsforvaltning, kompetansebygging, frivilligsamarbeid, organisasjonsutvi

Musikkontoret Brak

INN-071 · Kulturorganisasjon

Vi takkar for høvet til å gje innspel og stiller oss gjerne til disposisjon for vidare dialog.

NFU Vestland fylkeslag

INN-040 · Frivillig organisasjon

Tema: Inkludering

NFU Vestland saknar omtale av inkludering. Dei nye retningslinjene bygger på drift, nyskaping og investering.

Nok. Bergen og Nok. Sogn og Fjordane

INN-069 · Frivillig organisasjon

Tema: Driftstilskot

Nok. Bergen og Nok. Sogn og Fjordane er regionale sentre mot seksuelle overgrep. Sentrene er sjølvstendige, private stiftingar under paraplyorganisasjonen Nok. Norge. Nok.-sentra mottek tilskot frå Helse Vest som del av ein nasjonalt fastsett samfinansieringsmodell. Desse midlane er ikkje alternative til regional støtte, men føreset lokal og regional medverknad. Fylkeskommunal deltaking utløyser statlege midlar og er ein integrert del av finansieringsstrukturen, ikkje ei dobbeltfinansiering av same tiltak. Vi er uroa for formuleringa: «Det kan ikkje bli gitt tilskot til organisasjonar ... c) som kan få driftstilskot frå andre regionale ordningar eller frå statlege organ på regionalt nivå.» Slik dette er formulert, kan det tolkast som at verksemdar med delt finansiering mellom stat og region automatisk fell utanfor. Dette vil i praksis kunne råke Nok.-sentra. Vi ynskjer å presisere at fylkeskommunal støtte ikkje overlappar med statleg støtte, men er ein føresetnad for å utløyse denne, finansieringsmodellane er komplementære, ikkje alternative, verksemda ikkje kan oppretthaldast utan regional medverknad.

Norges Husflidslag

INN-032 · Kulturorganisasjon

Tema: Kulturarv, Stipend, Idrett

Flott at ein har hatt ein gjennomgang av tilskotsordningane, slik at ein kan få ei meir heilhetleg oversikt, samt enklare for søkarar å finne fram.

Usikker på om det er behov for å dele stipendordninga for kultur og folkehelse inn i fire ulike kategoriar, då e-sport eigentleg også er sport og tradisjonsmusikk og -kunst også er musikk og kunst. Slik retningslinjene er utforma, kan det sjå ut som at storleiken og tal på stipenda vil vere som før, som betyr ein stor skilnad mellom "kunst" og "tradisjon. Det er kun "Nynorskstipendet" som antydgar kor mange stipend som vert delt ut.

Olympiatoppen Vest

INN-075 · Idrettsorganisasjon

Tema: Idrett

Vi ønsker å komme med innspill til navn på ordningen. Det vil være lettere og ryddigere om det også står idrett i tilskuddsordningen. Idrett er mer en folkehelse og innenfor kultur begrepet så er det sjelden at idrett blir oppfattet som en del av det. Både internt, innen idretten og eksternt, utenfor idretten. Vi vet at idrett går inn under kultur begrepet, i flere sammenhenger og særlig politisk, men vi vet også at det da ikke er lett å finne frem i tilskuddsordningene som finnes for idretten.

Vi ser frem til å fortsette det gode samarbeid vi har rundt toppidretten i Vestland

Osterøy kommune

INN-057 · Kommune

Kommunen ynskjer ikkje ein omfordeling av midlar som medfører at kommunane får mindre råderett over tiltak

Ruspolitisk Råd Vestland (tidligere Actis Vestland)

INN-148 · Interesseorganisasjon

Vi har ikke spesielt endringsforslag, men det er fint om det blir mulighet å søke spesielt til drift og eget for aktiviteter og tiltak

Jeg er klar over at vi er en dag for sen, men svarer likevel, er glad for at vi fikk mulighet.

Rådgivning om spiseforstyrrelser

INN-045 · Organisasjon

Tema: Frivillig sektor, Driftstilskot

Vestland fylkeskommune har i sin folkehelsestrategi en tydelig satsing på spiseforstyrrelser. Det forplikter. Når fylkeskommunen politisk prioriterer et folkehelseområde, må dette også gjenspeiles i hvordan tilskuddsordningene praktiseres og hvem som faktisk får tilgang til driftsmidler. Helsefrivillige organisasjoner som tilbyr lavterskeltilbud innen psykisk helse og spiseforstyrrelser, er en sentral del av det forebyggende folkehelsearbeidet. Likevel har det i praksis ikke vært tydelig at slike organisasjoner omfattes av driftstilskuddsordningen. Dette har ført til avslag med begrunnelse om at fylkeskommunen hadde stramme budsjett rammer og dermed ikke muligheter for nye satsinger. Dersom frivillige aktører som arbeider direkte innenfor fylkeskommunens prioriterte folkehelseområder ikke kvalifiserer for driftstilskudd, skapes det et misforhold mellom strategi og finansiering. Vi ber derfor om at retningslinjene presiseres slik at det ikke er rom for tvil om at helsefrivillige organisasjoner med lavterskeltilbud innen psykisk helse, livskvalitet og forebygging omfattes av ordningen.

Sogn og Fjordane folkemusikklag

INN-124 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Inkludering, Immateriell kulturarv, Idrett

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtok 23. april 2025 at «...alle fylkeskommunale tilskotsordningar i avdeling for kultur og folkehelse skal organiserast i følgjande budsjettkategoriar: drift, prosjekt, utvikling og investering.» Vi ynskjer at desse budsjettkategoriane skal behaldast, og at difor «prosjekt» og skal vere ein eigen kategori. Vi meiner at inndelinga og retningslinjene på generelt grunnlag gjer at små organisasjonar, særleg dei som fokuserer på immateriell kulturarv, kan med denne inndelinga og retningslinjene falle mellom to (i dette tilfellet tre) stolar. Sjølv sagt skal metodane organisasjonar som driv med immateriell kulturarv forsøke å vere nyskapande og i utvikling når dei skal nå ut til nye generasjonar og i samarbeidet mellom profesjonelle og frivillige, men med denne begrepbruken kan dei vedtaksdyktige i framtida tolke denne type prosjekt som ikkje nyskapande eller utviklande i sitt mål. Mange av dei prosjekta som fokuserar på den immaterielle kulturarven idag, har i dag ein stor grad av frivilligheit, noko som t.d. speglar seg i Sogn og Fjordane-kappleiken og Vestlandskappleiken, som er ein stor motivasjonsfaktor for å halde på med folkemusikk og folkedans. Sjølv om dette er arrangement som har eksistert lenge (Vestlandskappleiken for fyrste gong i 1896), er det ikkje ein sjølvfølgje at dei vert arrangert kvart år. Dei er avhengige av at det er kontinuitet og at det er ideelle organisasjonar, som Sogn og Fjordane folkemusikklag og Hordaland folkemusikklag, som sørger for at den vert arrangert i samarbeid med frivillige. Tilskot til kulturarven gjev difor stor verdi i form av frivilligheit i tillegg til tilskota som vert tildelt. Vestland fylke er eit fylke med eit mangfald av lokale tradisjonar innan folkemusikk og folkedans. Sjølv om det i mange folkemusikk og folkedansmiljø tilsynelatande blomstrar, er det òg mange miljø der rekrutteringa og deltakinga går ned, og dersom den immaterielle kulturarven skal vere ein del av kulturen må vi ha levande miljø som utøver denne i bygdene. Difor meiner vi at immateriell kulturarv bør nemnast meir i retningslinjene, og at prosjekt som frammar dette vert sikra, både dei store og dei små.

Sogn og Fjordane Ungdomslag

INN-138 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Søknadsprosess

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) er positive til initiativet om å forenkle og samle tilskotsordningane innan kultur og folkehelse. Ei meir oversiktleg ordningsstruktur kan styrkje både føreseielegheit og strategisk utvikling i sektoren. Samstundes er det avgjerande at dei nye retningslinjene sikrar openheit, enkle søknadsprosessar og god tilpassing til frivilligheita sine behov og arbeidsmåtar.

Sogn og Fjordane Ungdomslag støttar målsetjinga om forenkling og samordning. For å lukkast er det avgjerande at dei nye ordningane er transparente, enkle å søkje på og reelt tilpassa frivillig sektor si rolle, eigenart og kapasitet slik at frivillige organisasjonar lukkast i å skape gode kulturelle aktivitetar jamvel i grendene som i byane.

Solund kommune

INN-030 · Kommune

Ordninga hadde tildlegare som føremål at kultursektoren og omsorgssektoren skulle samarbeide. Dette for å nå personar som ikkje har høve til sjølv å oppsøke kulturopplevingar. Dette ser eg borte i dei nye føremåla. Meina at her er ei gruppe som er i fare for å miste eit tilbod.

Solund kommune

INN-092 · Kommune

Tema: Frivillig sektor, Inkludering, Rapportering, Søknadsfristar, Eigenandel, Berekraft

Sjølv om kultur generelt har innverknad på helsefremjing, står kulturfeltet med alle dens nyansar også på eigne bein. Ha ordningar som gir minst mogeleg administrasjon i alle ledd. Frå søknad til rapportering. Økonomisk og administrativt er det best å få tilskot ubetalt i førekant, heller enn å bruke først og så be om del- og fullutbetaling. Det er svært ynskjeleg at ein kan søkje større støtte til fleirårsprosjekt, då dette lettast administrasjonen i alle ledd. Flott at eigeninnsats er definert og justert til dagens realitet, men denne bør vere likt formulert i alle ordningar de har. Talet 300/time har vore likt i veldig mange år og bør/må justerast, viss ikkje taper eigeninnsatsen/dugnadstimen sin verdi frå år til år. Det er ønskeleg og svært tidssparande at fylkeskommunen legger ved ein kost/nytte-kalkulator med kjende, etablerte verdier, i dei ordningane der kost/nytte-verdi skal vurderast. Berekraft bør vere eit berande prinsipp. Flott fokus på inkludering, miljøhensyn etc. Det er og positivt om tilskota kan brukast til å styrke eller justere ordinær drift, teste ut tiltak og/eller implementere i drift. Ha gjerne utlysningstid, søknads- og -svarfristar som samsvarer med vanleg kommunal drift viss mogeleg, ihht. årsplanlegging, herunder ferieavvikling, økonomiplanarbeide etc. Ved søknadsfristar på våren og 3 mnd. handsaming, får vi svar rett før ferieavviklinga. Dette kan vere noko seint. Vi ynskjer svært gjerne utlysning på hausten, slik at svaret helst er klart til økonomiplanforslag/budsjettsak som skal vedtakast politisk i desember. Og vert dermed klart til effektivisering ved årsstart. Viss mogeleg er det ynskjeleg med mindre enn 50 % eigenandel, der dette krav. Det er begrensa frie midlar og arbeidskapasitet (eigeninnsats) i dagens kommuneekvartag.

Flott med samanslåing av ordningane.

Springbrett for ungdom

INN-026 · Frivillig organisasjon

Bra med en forenkling av søknadsprosedyrene

Stiftelsen Bergen Danseseter

INN-024 · Kulturorganisasjon

Godt arbeid! Dette ser oversiktleg og grudig ut, og kan gjere det lettare å finne fram.

Stiftelsen Litteraturhuset i Bergen

INN-017 · Kulturorganisasjon

Tema: Rapportering, Regional verdi, Driftstilskot

Jeg tror det vil være lettere å navigere i hvilke støtteordninger som finnes for feltet. For vår del, som stort sett bare søker om driftstilskudd, ser det ikke ut til at omleggingen vil ha så store praktiske konsekvenser. Det kommer imidlertid ikke tydelig frem om man kan søke på flere av ordningene. Det bør klargjøres at mottakere av driftstilskudd også/eller ikke, kan motta støtte fra andre ordninger, som Regionalt kulturfond eller Investeringsstilskot for kulturarena med regionale funksjoner.

Det virker fornuftig å slå sammen og effektivisere søknadsbehandlingen, ikke minst for saksbehandlere. Det er viktig at det klargjøres hva og hvem som kan søke, hva som utelukker en aktør fra en ordning (andre tilskudd, f.eks.), og være helt tydelig på hva som ikke kvalifiserer. Og så gjentar jeg mitt gode forslag om å lage en felles rapporteringsportal for alle offentlige instanser!

Stord kommune

INN-101 · Kommune

Tema: Føreseielegheit, Søknadsfristar, Geografisk spreing, Regional verdi

Stord kommune opplever at prosessen rundt omlegginga av tilskotsordningane har for knapp tidsramme til å sikra forsvarleg sakshandsaming. Ein innspelsfrist på to veker – der éi veke fell i vinterferien – gjer det i praksis umogeleg å leggja til rette for ei brei administrativ forankring og politisk handsaming. Med så inngripande endringar meiner me det er avgjerande at kommunane burde fått tilstrekkeleg tid til reell medverknad. Det er gjennomgåande bruk av omgrepa regional verdi og regional funksjon. For det første er det uklart kva som ligg i omgrepet «regional». Er det snakk om delregionar – som til dømes Indre Sogn, Stord region, Midthordland – eller tenkjer ein heile Vestland fylke som region? Denne avklaringa er avgjerande for forståinga av både målgruppe og prioriteringar. Vidare er omgrepet «regionale funksjonar» lite presist. Kva type funksjonar er det snakk om, og korleis skal dei avgrensast? I Sunnhordland finst det til dømes to regionsenter, noko som gjer omgrepet ytterlegare uklart utan nærare definisjon. Stord kommune meiner manglande presisering gjer ordningane lite føreseielege, og ber om at det vert klargjort både kva som ligg i omgrepa og kven som har mandat til å vurdere dette. Det bør koma klart fram av retningslinene til kvar enkelt tilskotsordning om den er under kategorien drift, nyskaping eller investering. I tillegg bør det stå noko i retningslinene om kva beløp fylkeskommunen har til fordeling i dei ulike ordningane. Det er uro knytt til at midlar til støtteordningane vert redusert. Samanslåinga av fleire tilskotsordningar kan føra til at ulike tiltak og prosjekt i same kommune eller delregion i større grad vert sette opp mot kvarandre i konkurranse om midlane. Me er uroa for at dette kan svekka breidda i det lokale utviklingsarbeidet, særleg i kommunar med avgrensa søknadskapasitet og små fagmiljø. For å sikra god planlegging og realistisk framdrift, er det viktig at retningslinene tydeleg spesifiserer søknadsperiodar, fristar, estimert handsamingstid og tidspunkt for tildeling. Me meiner det er avgjerande at tildelingane samla sett sikrar god geografisk spreing i fylket/delregionane. Ei balansert fordeling av midlar styrkjer utviklingskrafta i heile Vestland og bidreg til å nå målsetjinga om levande lokalsamfunn i både små og større kommunar. Stord kommune ser elles positivt på at det skal setjast ned eit erfaringspanel for å evaluere dei nye ordningane. Samstundes ber me om nærare informasjon om utveljingskriteria og samansetjinga av panelet, slik at det vert sikra brei representasjon – både geografisk og fagleg.

Sunnfjord kommune

INN-012 · Kommune

Tema: Den kulturelle spaserstokken, Inkludering

Retningslinjene er oversiktlege og viser ei tydeleg satsing på kultur som samfunnsbyggjande kraft, med gode ambisjonar for inkludering, deltaking og folkehelse. Samtidig vil eg peike på at delar av det som tidlegare låg i Den kulturelle spaserstokken ikkje kjem like tydeleg fram i den nye ordninga. Denne satsinga har i mange år vore viktig for å sikre profesjonelle kulturtilbod til eldre, og for å fremje sosial deltaking, livskvalitet og førebyggjande helsearbeid for ei gruppe som ofte er sårbar for isolasjon og utanforskap.

Sveio kommune

INN-097 · Kommune

Tema: Driftstilskot, Idrett

Sveio kommune syner til utsendt høyringsbrev med tilhøyrande framlegg til retningslinjer for dei nye tilskotsordningane. Då det ikkje har vore mogeleg å leggja saka fram til politisk handsaming i folkevalde organ i kommunen, er dette å sjå på som ei administrativ høyringsfråsegn. Sveio kommune ser på dei nye retningslinjene som ei kjærkomen forenkling som vil gjera det enklare for kommunen å vurdere kva for tiltak det er aktuelt å søkja på. Færre ordningar vil gjera dei fylkeskommunale tilskota meir oversiktlege og dermed og spare sakshandsamingskapasitet i kommunane. Samstundes viser me til kommunen sitt Fartein Valen-arbeid (som tidlegare har mottatt driftstilskot for kultur og folkehelse), og stiller spørsmål ved om slikt arbeid potensielt kan tapa i konkurransen med større, meir profilerte satsingar når ein forenkler tilskotsordningane. Sveio kommune stettar framlegget til nye retningslinjer for tilskotsordningar innan kultur og folkehelse.

Trond Mohn Games og Hordaland Friidrettskrets

INN-089 · Idrettsorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Idrett

Det er flott at man ser på nye innordninger for tilskudd med tanke på forenkling og effektivisering. Jeg reagerer på at IDRETT kun er nevnt i en av de 7 tilskuddsordningene. Kultur er inkludert i 4 hovedtilskuddsordninger. Idretten er den klart mest dominerende aktiviteten og samfunnsaktøren, med tanke på å ivareta folkehelse. Vi representerer i dag alt fra paraidrett, mosjonsidrett, konkurranseaktivitet - for ALLE aldersgrupper. Vi er basert på frivillighet og har over 900 idrettslag med i overkant av 220.000 medlemmer i Vestland. I følge tilskuddslisten til Vestland Fylkeskommune mottar idretten 3,39% (kr. 17.534.000) av den totale potten på kr. 517.803.000 - spillemidler kr. 312.026.000 er holdt utenfor - statlig tilskudd).

Vestland FpU

INN-006 · Interesseorganisasjon

For oss som ungdomsparti så er offentlig støtte nødvendig for vårt virke som arena for ungdom som ønsker å engasjere seg politisk. I Rogaland så gir Fylkeskommunen samme støtte til ungdomspartiet som Statsforvaltaren gjere. Det hadde vert en god ordning også i Vestland slik at ungdomspartia her kan rekruttere flere unge inn i politikk som forhåpentligvis blir fremtidens kommune og fylkespolitikere

Vestland idrettskrets

INN-084 · Idrettsorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Inkludering, Søknadsfristar, Geografisk spreing, Idrett, Berekraft

Vestland idrettskrets er paraplyorganisasjon for over 900 idrettslag og 43 idrettsråd i fylket. Med 53 særiddrettar representert og meir enn 220 000 medlemmar er idretten den største frivillige organisasjonen i Vestland, med aktivitet i alle kommunar. Frivilligheita er grunnmuren i denne verksemda og representerer store samfunnsverdiar – både sosialt og økonomisk. Samstundes er frivilligheten sårbar og avhengig av tillit, langsiktige rammer og føreseieleg finansiering. Vi har forståing for ønsket om å forenkle søknadsordningane, og tenker dette også kan ha sine fordelar. Samstundes er det avgjerande at ordningane er tydelege, lett tilgjengelege og føreseielege frå år til år. Når fleire ordningar blir slått saman og omgrepet «idrett» forsvinn frå namn og omtale, kan det skape uklarheit om målgruppe og formål. Det gjer det meir krevjande for idrettsorganisasjonane å orientere seg og søke rett ordning. Vi tilrår at idrett blir synleggjort på linje med kultur og folkehelse i omtale og overskrifter på ordningane, slik at det tydeleg går fram kven som er målgruppe. Dersom rammer og tildelingar i større grad blir gjenstand for årlege politiske prioriteringar og økonomiske svingingar, vil det kunne skape uvisse i organisasjonen. Mindre føreseielege vilkår gjer det vanskelegare å planleggje aktivitet, utvikle tilbod og rekruttere og halde på frivillige. Utrygge rammer kan over tid svekke motivasjonen og den frivillige innsatsen som heile idrettsmodellen byggjer på. For å sikre eit sterkt og berekraftig idrettstilbod i heile fylket, legg idretten vekt på at finansieringa vere stabil og langsiktig. Vi vil også peike på at høyringsfristen var kort. For ein stor, frivillig organisasjon med mange ledd, og der idrettskretsen skal samle og formidle innspel på vegner av heile organisasjonen, er korte fristar krevjande og gjer det vanskeleg å sikre breie og heilskaplege innspel. Avslutningsvis vil vi uttrykke takk for den tilliten Vestland fylkeskommune viser Vestland idrettskrets gjennom direkte tildelingar til inkludering, mangfald og skianlegg – dette gir rom for å tenke langsiktig og legge til rette for god utvikling på desse områda. Samstundes er det viktig at idretten framleis har høve til å søke midlar innan den nye ordninga livskvalitet og sosial utjamning.

Vi er takksam for at fylkeskommunen er god på å inkludere idretten i dei idrettsfaglege vurderingane.

Vestland Kulturråd - Leiar

INN-047 · Kulturorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Rapportering, Regional verdi, Berekraft

1. Overordna prinsipp: Balanse i kulturlivet Eit berekraftig kulturliv i Vestland føreset både profesjonell kvalitet og sterk frivillig breidde. Den balansen kjem ikkje av seg sjølv – han må forvaltast. Dette innspillet handlar ikkje om profesjonell versus frivillig kultur. Det handlar om balanse. Eit levande kulturliv krev begge delar.
4. Behov for føringar og oppfølging Det er behov for administrative og politiske føringar slik at endringane i praksis ikkje svekker den frivillige kultursektoren i Vestland. Vi ber derfor Vestland fylkeskommune om å:
 - Fastsette ein tydeleg fordelingsnøkkel mellom profesjonell og frivillig/amatørbasert kultur i Regionalt kulturfond.
 - Rapportere årleg på faktisk fordeling.
 - Justere ordninga dersom ein ser ei systematisk forskyving i favør av profesjonelle aktørar.

Vestland Kulturvernnettverk, Gloføykje Metallsøkerforening

INN-114 · Kulturorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Rapportering, Driftstilskot, Søknadsprosess

Utformingen og retningslinjene for spesielt driftstilskudd og regional kulturfond er bra. En sammenslåing vil jo følelsmessig gi større konkurranse om midlene og en sammenslåing vil forhåpentligvis også føre til en økning i totalrammen innenfor de nye tilskudds områder. Det er etter vårt syn viktig at ingen av de "fagområdene" som nå er samlet få vansker med å få mulighet for å kunne få støtte til egnete prosjekter.

Kommentarene kan være gjeldende for flere kategorier. Når man først har fått innvilget støtte må det være ukomplisert og ubyråkratisk. Jeg lurte også på om det kan spesifiseres bedre ift. til revisor godkjenning ved støtte over kr. 500.000,- om hvem som kan utføre en slik jobb siden det vil jo være en stor utgiftspost som går på bekostning av midler til omsøkt arbeid/tiltak/prosjekt. Ellers ønsker jeg å gi min uforbeholden støtte til omleggingen som vil gjøre hele sakskomplekset mye mer oversiktlig og enklere å handtere for alle parter. Min opplevelse ift. slike søknadsprosesser er at de kan være ganske stressende fordi man ofte må jobbe for fult med prosjektet selv om det ikke er innvilget en krone enda, og jeg kan skrive under på at et avslag er ganske krevende å få for alle frivillige og har ofte store konsekvenser ift. prosjektene. Vi som nettverk vil gjerne tilby hjelp til vår frivillige medlemmer når det søkes om støtte for et større prosjekt og at vi også ønsker å ha et tilbud om kurs når vi starter våre regions møter i Vestland Fylke.

Vestnorsk jazzsenter

INN-066 · Kulturorganisasjon

All honnør for omlegging av søknadsordningene, med formål forenkling for alle parter og mer helhetlig behandling

Voss herad

INN-121 · Kommune

Tema: Den kulturelle spaserstokken, Rapportering, Kulturminne

Det er sett i gang eit omfattande arbeid for å effektivisera offentleg sektor, med mål om «betre ressursbruk, fleksibel bruk av personell og meir effektiv oppgåveløysing» (NOU 2026:1). Desse forventningane gjeld alle tre forvaltingsnivå. Vestland fylkeskommune si samordning av tilskotsmidlar er eit steg i rett retning. Voss herad meiner likevel det er rom for ytterlegare effektivisering av tilskotsforvaltinga, til beste for både tilskotsgjevar og søkjar. Vi tilrår ei meir tillitsbasert ordning, der dokumentasjonskrava i søknader vert reduserte til eit minimum og i større grad erstatta med eigenerklæringar. Til dømes bør det vera tilstrekkeleg med eigenerklæring for krav om samarbeid i Den kulturelle spaserstokken og for forankring i kommunale planar ved tilskot til kulturminne. Rapporteringa bør òg forenklast, med meir bruk av eigenerklæringar og vald revisor. Grensa for krav om offentleg revisorgodkjenning bør liggja på 1 million kroner. Tillitsbaserte løysingar vil redusera byråkratiet og frigjera ressursar til aktivitet framfor søknad og rapportering.

Øygarden kommune, kultureininga

INN-119 · Kommune

Det er forvirrende at «Målgruppe for ordninga» ikkje er identisk med «Kven kan søke om støtte».

Øygarden kulturskule

INN-009 · Kultursektor

Tema: Frivillig sektor

Å delta aktivt i kulturaktivitetar gir ein større verknad på folkehelsa enn berre å oppleve kultur. Deltaking i kor, korps, handarbeid eller andre aktivitetar der barn, unge, vaksne og eldre kan møtast, påverkar folkehelsa særlig positivt. Sosiale relasjonar, nettverk og tryggleik i eige nærmiljø motverkar både einsamheit og utanforskap. Kulturdeltaking har òg ein samanheng med utdanning. Både for deltakarane sjølve og for barna deira. Ei god tilskotsordning for å styrkje folkehelsa bør tilpassast bruk i nærmiljø, i det frivillige kulturlivet og på møteplassar med kulturaktivitet.

AKKS Bergen

INN-051 · Organisasjon

Tema: Fleirårig støtte, Føreseielegheit, Rapportering, Driftstilskot

AKKS Bergen vil fremheve behovet for at driftstilskudd kan tildeles som flerårig støtte. Flerårig støtte vil skape mer forutsigbarhet for små kulturorganisasjoner. Praktisk sett vil muligheten for flerårig støtte redusere arbeidstid forbundet med søknads- og rapporteringsarbeid for administrasjonen, og vil dermed frigjøre tid til drift og videreutvikling av de eksisterende tilbudene våre.

Alver kommune

INN-152 · Kommune

Tema: Frivillig sektor, Driftstilskot

10. Driftstilskot til kultur og folkehelse / Livskvalitet og sosial utjamning (nyskaping). Folkehelseomgrepet er teke inn i ordninga for driftstilskot kultur og folkehelse, som berre er knytt til drift og ikkje nyskaping. Folkehelseomgrepet ser derimot ikkje ut til å vera teke inn i ordninga livskvalitet og sosial utjamning, som då på overflata ser ut til å ikkje opna opp for prosjektsøknadar for nyskapingar innan folkehelseområdet. Likevel kan fleire av skildringane under livskvalitet og sosial utjamning vurderast til å omhandla folkehelse. Mellom anna skal ordninga bidra til å styrke livskvalitet og psykisk helse. Her er ein tett på folkehelsedefinisjonar som vanlegvis tek opp under seg fysisk og psykisk helse, samt sosiale tilhøve og relasjonar. Omgrepa folkehelse, livskvalitet og sosial utjamning ligg så tett opp i kvarandre at det kan stå uklart fram kva som kan søkjast til ved desse to ordningane, utover skilnadar knytt til drift/prosjekt og kva for aktørar som kan søkja tilskot. Livskvalitet og sosial utjamning støttar arrangement og aktivitetar, men prioriterer ikkje einskildarrangement. For frivilligheita kan det vera krevjande å ha ressursar nok til å setje i verk større tiltak og omfattande prosjekt med repeterande aktivitetar. Oppstartstiltak kan gje organisasjonar verdifull kunnskap, kompetanse og inspirasjon til å satsa vidare. At einskildarrangement ikkje vert prioritert kan etter vårt syn favorisera etablerte organisasjonar og hindra nyskaping.

Askøy Kommune

INN-157 · Kommune

Tema: Frivillig sektor, Driftstilskot

10. Driftstilskudd til kultur og folkehelse / Livskvalitet og sosial utjevningFolkehelsebegrepet er tatt inn i ordningen for driftstilskudd til kultur og folkehelse. Denneordningen er knyttet til drift, og ikke til utvikling eller nyskaping. I ordningen livskvalitet og sosial utjevning fremstår det derimot ikke som at folkehelsebegrepet er tilsvarende tydelig integrert. Slik beskrivelsen er utformet, kan det oppfattes som at det ikke åpnes for prosjektsøknader rettet mot nyskaping innen folkehelseområdet. Flere av formuleringene under livskvalitet og sosial utjevning berører likevel sentrale sider ved folkehelsearbeidet. Ordningen skal blant annet bidra til å styrke livskvalitet og psykisk helse. Dette ligger tett opp mot vanlige definisjoner av folkehelse, som omfatter fysisk og psykisk helse samt sosiale forhold og relasjoner. Begrepene folkehelse, livskvalitet og sosialutjevning har betydelig overlap, og det kan derfor fremstå som uklart hva det konkret søkes støtte til i de to ordningene, utover forskjeller knyttet til drift versus prosjekt og hvilke aktører som er søknadsberettiget. Ordningen livskvalitet og sosial utjevning støtter arrangementer og aktiviteter, men enkeltstående arrangementer prioriteres ikke. For frivillige organisasjoner kan det være krevende å ha tilstrekkelige ressurser til å utvikle og gjennomføre større og mer omfattende tiltak med gjentakende aktivitet. Oppstartstiltak og enkeltarrangementer kan gi organisasjoner viktig erfaring, kompetanse og inspirasjon til videre satsing. Dersom enkeltarrangementer ikke prioriteres, kan dette i praksis favorisere etablerte aktører og samtidig begrense rommet for nyskaping.

Aulaseriene c/o Kulturinkubator AS

INN-146 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Driftstilskot

Vi støtter foreslåtte endringer i ordningen for driftstilskudd til kultur og folkehelse, og er særlig positive til vektleggingen av at ordningen skal sikre forutsigbar og langsiktig drift for organisasjonene som ordningen treffer. Slike driftsmidler er viktige for mange, spesielt fordi det store flertallet av tilskuddsordninger både innen offentlig forvaltning og ideelle fond og stiftelser ofte kun treffer tidsavgrensede prosjekter og ikke skal benyttes til drift. En styrking av fylkets ordning for driftstilskudd anses derfor som stadig viktigere i en tid med presset økonomi der langsiktighet kan oppleves mer krevende enn før.

Bergen Stupeklubb

INN-001 · Idrettsorganisasjon

Tema: Inkludering, Idrett

Grasrotsorganisasjoner som samarbeider på tvers av idrett og kultur til gode tiltak for å skape mestring, glede og sosial inkludering bør fortsatt få god støtte.

Bømlo kommune

INN-109 · Kommune

Det kjem ikkje tydeleg nok fram om kommunar kan søkja her. Kva type lag og organisasjonar som kan søke er også uklart. Fokus er retta mot tiltak/prosjekt av regional eller nasjonal interesse. Dette kan gjera det vanskeleg for mindre og lokale organisasjonar å søke og få midlar.

FN-sambandet

INN-131 · Frivillig organisasjon

Tema: Kulturarv, Idrett, Berekraft, Demokrati

Inkludere "berekraft" i kapittelet "Føremål" hvor det står følgende: "... felles verdier innan kunst, kultur, kulturarv, idrett, friluftsliv, folkehelse, demokrati og samfunnsdeltaking." På samme linje som at tilskuddsmidlene skal gå til å styrke arbeidet med demokratiopplæring for barn og ungdom, ønsker vi at tilskuddsmidlene skal kunne gå til å "støtte arbeid knytt til direkte og indirekte klimagassutslepp, som kunnskapsgrunnlag, formidling og stimulering av befolkningas innsats for berekraft og klima." Foreslår derfor å legge dette til som et punkt under kapittel "Føremål" og "tilskotsmidlane skal:"

Folkeakademieet Luster

INN-063 · Kulturorganisasjon

Tema: Den kulturelle spaserstokken

Driftstilskotet må holdast på dagens nivå. ikkje kuttast i spaserstokken. Det er glede og helse i ein konsert for månaden for eldre.

Folkelig

INN-008 · Interesseorganisasjon

Tema: Søknadsfristar

Lang behandlingstid. Ideelt sett 3 måneder fra søknadsfristen, slik det er lagt opp til i andre ordninger. Det går nesten et helt år fra man søker til man får svar. Mye kan endre seg på den tiden. Eventuelt vente med søknadsfristen til høsten hvis søknadene uansett ikke behandles før den tid. Da har trolig organisasjonene bedre visibilitet i den økonomiske situasjonen for det påfølgende året. Og gjerne spesifisere / tydeliggjøre hva som menes med punktet " har aktiviteter som er knytt til eller integrert i utdanningstilboda si undervisning."

Hordaland Røde Kors

INN-129 · Frivillig organisasjon

Tema: Driftstilskot

Ikke innspill, bare en tilbakemelding: Muligheten til å kunne søke om driftstilskudd er for oss veldig viktig for å kunne videreføre og videreutvikle aktiviteter i regionen. Vi verdsetter at fylkeskommunen muliggjør dette gjennom denne tilskuddsordningen.

KFUK-KFUM Bjørgvin, og på vegne av også KFUK-KFUM Haugaland og KFUK-KFUM Sogn & Fjordane

INN-118 · Frivillig organisasjon

Kunne vurdere om ein kan opne opp for at organisasjonar som har fleire regionale ledd innanfor Vestland fylkeskommune kan søkje samla med ein felles søknad sjølv om ein er to eller fleire einingar med org.nr. T.d har KFUK-KFUM tre kretsar innanfor Vestland fylke, og for vår del kunne det kanskje vore like føremålsteneleg å sende ein søknad for KFUK-KFUM som tre.

Kinnaspelet

INN-083 · Kulturorganisasjon

Tema: Frivillig sektor

Nytt punkt som kan innarbeidast under avsnittet kven søke støtte: frivillige lag og organisasjonar som fremjar samskaping og utvikling mellom frivillige og profesjonelle

Kulturskolerådet Vestland

INN-136 · Kultursektor

Tema: Fleirårig støtte, Driftstilskot

Kulturskulane i kommunane har jf. rammeplanen "Kulturskole for alle" eit ansvar for innbyggjarar i alle aldre i kommunane. Kunst og kultur er del av beredskap og førebygging lokalt. For å nå felles samfunns mål og for at tiltak skal verke trengs forutsettelegheit. Tiltak som over tid monner vert gjerne først kutta i trange budsjett. Forslag: Kommunar/kulturskular kan søke driftstilskot til særlege satsingar over fleire år innan kunst, kultur og folkehelse for tiltak, som bidreg til å behalde kompetanse og styrke/oppretthalde bredde i tilbod og i mindre kommunar.

Likestillingssenteret på Vestlandet (KUN)

INN-143 · Frivillig organisasjon

Tema: Inkludering, Kulturarv, Idrett, Likestilling, Demokrati

Vi foreslår å inkludere begrepet "likestilling" og også evt begrepet "mangfold". For eksempel her vist v bruk av CAPS LOCK: Føremål: Ordninga skal fremme deltaking, engasjement, ansvar og vidareføring av felles verdiar innan kunst, kultur, kulturarv, idrett, friluftsliv, INKLUDERING, LIKESTILLING, folkehelse, demokrati og samfunnsdeltaking. Og her: Tilskotsmidlane skal • bidra til drift av organisasjonar og institusjonar som har ein sterk og tydeleg verdi for kunst, kultur, idrett, friluftsliv, inkludering, LIKESTILLING, folkehelse og samfunnsdeltaking i heile eller store delar av Vestland

LINK Bergen og omegn

INN-043 · Frivillig organisasjon

Tema: Eigenandel, Regional verdi, Driftstilskot

Denne ordningen virker å være mest rettet mot kulturfeltet i regelverket, selv om den også skal omfatte folkehelse. Kriteriene virker i stor grad å favorisere etablerte og større organisasjoner med omfattende struktur og aktivitet. Både dette, og kravet om at driftstilskuddet som hovedregel ikke skal overstige 50% av kostnadene, kan gjøre det vanskelig for mindre organisasjoner å etablere seg og utvikle virksomhet med regional verdi.

Musea i Sogn og Fjordane STI

INN-038 · Organisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Kulturarv, Museum

Høyringsvar – Innspel til nye retningslinjer for tilskotsordningane innan kultur og folkehelse i Vestland fylkeskommune

Musea i Sogn og Fjordane STI Som de vil sjå er dette eit koordinert innspel frå fleire av musea i Vestland. Musea sitt behov for tydelege og føreseielege ordningar Vestland fylkeskommune har i mange år vore ein nasjonal pådrivar for å styrke museumsfeltet. Fylket var tidleg ute med å etablere fullverdige bevaringstenester med fellesmagasin og konserveringsatelier, og er i dag først ute med å etablere eit regionalt samlingssentrum. Dette er satsingar som treff godt i museumspolitikken nasjonalt. Kulturdirektoratet har peika på behovet for betre sikring av samlingane, sterkare fagleg samarbeid, meir effektiv forvaltning og ei tydeleg rolle for musea i totalberedskapen. Vi er difor uroa over at musea ikkje er nemnde i dei nye retningslinjene slik dei ligg føre no. For å sikre vidare profesjonalisering og utvikling av museumsfeltet, er det avgjerande at musea får ein klart definert plass i ordningane, med tydelege kriterium og ein føreseieleg del av midlane. Vidareføring av Museumsløft – dokumentert effekt og stor samfunnsverdi Tilskotsordninga Museumsløft har vore ei av dei mest verdifulle ordningane musea i Vestland har hatt tilgang til. Ho har: • lagt til rette for tverrfaglege utviklingsprosjekt • styrkt vedlikehald og sikring av kulturhistoriske bygg • gitt rom for fagleg samarbeid på tvers av institusjonar • medverka til samskaping med frivillig sektor • hatt ein utløysande effekt på nasjonale tilskot

Prosjektet Nytt fokus på museumsgjenstandane illustrerer dette: støtte på 900 000 kroner frå Museumsløft over tre år har gjort det mogleg å utløysa om lag 4 millionar kroner frå Kulturdepartementet. Dette viser kor kritisk viktig ordninga har vore for å sikre utvikling og nasjonal relevans. Det er difor avgjerande at desse midlane ikkje forsvinn når dei vert førte inn i ei ny, større ordning. Særleg viktig: Vidareføring av tiltak for fellesløyser og fagleg samarbeid (kategori A)

Den reviderte Museumsløft ordninga i 2024 hadde fem tydelege kategoriar. Særleg viktig for museumsfeltet er kategori A: Tiltak som styrkjer fellesløyser for musea i Vestland. Desse tiltaka har vore fundamentale for å utvikle felles faglege strukturar, mellom anna: • kartlegging av båtsamlingane ved musea i Vestland • forskingsinfrastruktur for musea i regionen • «Å forske saman» – som byggjer vidare på forskingsinfrastrukturen • samhandlingsprosjekt i regi av Bevaringstenestene Dette er prosjekt som har fått nasjonal merksemd og som bidreg direkte til at Vestland fylkeskommune kan nå måla i regional kulturplan, der det heiter: «Vestland vil utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.» (Kultur bygger samfunn, 2023, s. 30) I utkastet til ny ordning under Investeringsstilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar ser vi at det særleg er kategori B, knytt til bygg og vøling, som kan førast vidare. Tiltak i kategori A–E er ikkje nemnde. Dette er svært problematisk. Ein rein byggretta ordning vil ikkje ivareta dei faglege utviklingsbehova musea har, og vil undergrave det strategiske samarbeidet som har vore bygd opp over tid. Musea treng ein tydeleg plass i dei nye ordningane Når fleire tidlegare ordningar blir slått saman, risikerer musea å bli ståande att i konkurranse med andre formål som har heilt andre føresetnader. Midlar som tidlegare har vore retta mot: • museumsfagleg samarbeid, kulturarvsforvaltning, kompetansebygging, frivilligsamarbeid, organisasjonsutvikling kan bli vanskelegare å utløysa dersom dei ikkje blir øyremerkte eller definert som del av ordninga. I ein sektor som alt er pressa av løns og prisvekst, auka driftskostnader og nye plikter som livslang AFP, er det avgjerande at omlegginga ikkje svekkjer grunnlaget for musea si utvikling og drift. Oppmoding MiSF ber om at Vestland fylkeskommune: 1. slår fast at musea er ei

Musikkontoret Brak

INN-072 · Kulturorganisasjon

Tema: Driftstilskot

Den nye ordninga ekskluderer organisasjonar som «kan få driftstilskot frå andre regionale ordningar eller frå statlege organ på regionalt nivå» (punkt c). Dette er ei avgrensing som vi meiner bør presiserast nærare. Det er uklart kva som ligg i formuleringa. Gjeld dette til dømes organisasjonar som har etablert driftstilskot frå statlege kjelder? Dersom det er tilfellet, meiner vi at dette bør fjernast. Fylkeskommunal og statleg støtte bør kunne utfylle kvarandre, ikkje utelukke kvarandre. Vi ber derfor om at fylkeskommunen klargjerer kva som konkret er meint med dette punktet.

NFU Vestland fylkeslag

INN-041 · Frivillig organisasjon

Tema: Fleirårig støtte, Frivillig sektor, Inkludering

NFU Vestland har i fleire år fått støtte til sine Kulturarrangement for personar med nedsatt funksjonsevne. Målgruppa for den nye ordninga er frivillige og profesjonelle organisasjonar innan kulturfeltet. NFU er ikkje ein "kulturorganisasjon" men ein organisasjon som jobbar for likeverd og inkludering. Retningslinja lister opp seks prioriteringskriteriar. Tidlegare gjennomføringsevne er tatt bort, det same er vekt av grad mangfold, inkludeering og tilgjengeleg. Andre krav: her blir det vist til at ein må godta følgekort. Det er uklart for oss om dette vil gjelde for eigenbetaling for opphald og deltaking eller om det kun gjels dersom ein sel billetter til eit ope arrangement der deltakarane er "passive tilhørare".

Nok. Bergen og Nok. Sogn og Fjordane

INN-070 · Frivillig organisasjon

Tema: Driftstilskot

Forslag til justering av ordlyd :«Det kan ikkje bli gitt tilskot til organisasjonar ... c) som kan få driftstilskot frå andre regionale ordningar eller frå statlege organ på regionalt nivå.» Nytt punkt: Avgrensinga gjeld ikkje verksemdar som inngår i nasjonale samfinansieringsordningar der regional eller kommunal medverknad er ein føresetnad for statleg tilskot.

Olympiatoppen Vest

INN-076 · Idrettsorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Idrett, Søknadsprosess

Vi ser at det er fordeler med å ha færre ordningar, men vi vil gjerne forsikre oss at vi da ikke bare blir en av mange søkere og at idretten, og da spesielt toppidretten for vårt tilfelle, blir glemt eller gjemt i alle andre søknader innen kultur og folkehelse. Det er viktig at det er en ordning som det er enkelt å finne frem i, som er intuitiv og vi mener at det ville være veldig bra om idrett er nevnt i overskriftene. Et innspill er at det heter; kultur, idrett og folkehelse. Det er viktig at det blir en forutsigbarhet for Idretten. Vi søker hvert år midler til å følge opp toppidretten i Vestland fylke og det at vi har en forutsigbarhet rundt søknadsprosess, i tildeling med tanke på datoer og beløp er utrolig viktig for å kunne ha kontinuitet i arbeidet. Vi har nettopp avsluttet et OL i vinterleker i Italia. Hele 41 medaljer ble det til Norge. Av disse var det 4 medaljer til 2 skiskyttere og 1 medalje til en langrennsløper som alle representerer en klubb i Vestland. Totalt var det 8 utøvere fra Vestland med i OL i år i hhv skiskyting, langrenn, alpint og randonee. I Paralympics som starter 6/3 har vi pt 2 utøvere fra Vestland med, en paralangrennsutøver og en para alpinist. Det er utrolig kjekt å kunne jobbe med alle de dedikerte utøvere, trenere og ledere i Vestland og ikke minst er et gøy og positivt for hele fylket når utøvere representerer Vestland i de store internasjonale mesterskapene.

Ruspolitisk Råd Vestland (tidligere Actis Vestland)

INN-149 · Interesseorganisasjon

Tema: Frivillig sektor

Vi driver på frivillig basis, men har behov for kontorplass og møteplass for styret. Medlemmenes kontingen dekker ikke husleie, internett og telefon. Vi og andre frivillige har nok samme behov. Vi dekker hele Vestlandet og ønsker/har behov for tilskudd til reise for å nå fram i Vestland

Rådgivning om spiseforstyrrelser

INN-046 · Organisasjon

Tema: Frivillig sektor

En mulig formulering kan være: «Ordningen omfatter også helsefrivillige organisasjoner som driver lavterskeltilbud innen psykisk helse, spiseforstyrrelser, livskvalitet og forebygging, i tråd med fylkeskommunens folkehelseprioriteringer.»

Sogn og Fjordane folkemusikklag

INN-125 · Kulturorganisasjon

Tema: Immateriell kulturarv, Kulturminne

Vi ynskjer at "kulturarv" skal tilføyast i fyrste punkt under "Tilskotsmidlane skal" under "Føremål". Sjølv om kulturarv er nemnd over, ynskjer vi at det skal nemnast igjen, ettersom det er eit av få som ikkje er nemnt igjen. Vi ynskjer òg at under det femte punktet skal "immateriell kulturarv" leggst til "faste kulturminne", ettersom dette er òg ein del av kulturarven. Under overskrifta "Kven kan søke om støtte", ynskjer vi at ordet "kulturminne" vert byta ut med "kulturarv" ettersom det favnar om breiare. Vi ynskjer at "kulturarv" skal få ein plass under overskrifta "Dette vert støtta - prioriteringar". Altså at fylkeskommunen òg støttar organisasjonar som driv med kulturarv.

Sogn og Fjordane Ungdomslag

INN-139 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Immateriell kulturarv, Museum, Driftstilskot

Driftstilskot til kultur og folkehelse. For frivillige lag og organisasjonar er driftstilskot heilt avgjerande for å sikre kontinuitet, aktivitet og lokal forankring. Mange organisasjonar innan kultur og folkehelse driv heilårs aktivitet basert på frivillig innsats, med avgrensa administrativ kapasitet. Det er viktig at: -driftstilskotet gir føreseielege rammer over tid, slik at organisasjonane kan planleggje langsiktig. -kriterium for tildeling er tydelege og tilpassa frivillig sektor. -ordninga ikkje berre premierer prosjekt og nyskaping, men også verdset stabil, brei aktivitet og medlemsbasert arbeid. Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) er regionlag av Noregs Ungdomslag, som er akkreditert som rådgjevande NGO til UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven. Akkrediteringa byggjer på dokumentert kompetanse innan samfunnsbasert kulturarvsarbeid, praksisoverføring mellom generasjonar og frivillig organisering av immateriell kulturarv. Gjennom vårt arbeid er vi særleg opptekne av å ta vare på og vidareføre immateriell kulturarv, tradisjonshandverk og tradisjonskunnskap, ikkje som museumsgjenstandar, men som levande praksisar i lokalsamfunna. Dette føreset aktive møteplassar der born, unge og vaksne lærer av kvarandre, og der kunnskap vert overført gjennom deltaking og praksis. For SOFUL er det difor avgjerande at tilskotsordningane anerkjenner lag som driv frivillig arbeid på tvers av generasjonar som både kulturarbeid og folkehelsearbeid. Særleg gjeld dette organisasjonar som arbeider med dans og folkemusikk, der kulturarv, fysisk aktivitet, sosial deltaking og identitetsbygging går hand i hand.

Springbrett for ungdom

INN-027 · Frivillig organisasjon

Tema: Driftstilskot

Vi fikk avslag for 2026 på driftstilskudd med begrunnelsen at vi ikke er tilstrekkelig regionale. Vi savner retningslinjer som presiserer hvilke krav som stilles for å oppnå regional status. Vi gir gratis tilbud til unge fra 9 kommuner, men det var altså ikke nok. Med driftstilskudd ville vi hatt økonomisk mulighet for å starte opp også i gamle Sogn og fjordane.

Stiftelsen Litteraturhuset i Bergen

INN-018 · Kulturorganisasjon

Tema: Rapportering, Søknadsfristar

Man søker ofte om tilsvarende beløp både til KUD og Bergen kommune. Et tiltak jeg tror ville være svært populært, var om alle offentlige instanser opererte med samme bokser og begreper i budsjettprosessen. Nå er det ofte litt forskjellig fra instans til instans. Ikke minst ville det være nyttig å ha en felles portal til rapportering. Man kunne laste opp årsregnskap, antall billetter osv. og en skriftlig rapport. Det kan være frist 1. mars til å laste opp alt, og så er det opp til de ulike instansene å hente ut infoen man trenger.

Stord kommune

INN-102 · Kommune

Tema: Føreseielegheit, Geografisk spreing, Driftstilskot

Stord kommune ber om at det vert presisert i retningslinene at kommunar kan stå som søkjarar i ordninga. Slik forslaget no er formulert, framstår ordninga i hovudsak retta mot etablerte aktørar med regional eller nasjonal funksjon. Ei slik avgrensing kan redusera det lokale handlingsrommet. Kommunane har ofte ei sentral rolle som utviklingsaktør og tilretteleggjar, og dette bør speglast i retningslinene. Me er uroa for at høge tersklar og sterk vektlegging av regional rekkjevidd kan gjera det krevjande for nye aktørar å kvalifisera til ordninga. Mange av dei etablerte regionale tiltaka i dag har hatt sitt utspring lokalt og i det små. Det er difor viktig at vurderingskriteria tek omsyn til dette og at ordninga gjev rom både for kontinuitet og for fornying. Kravet om at det skal leggjast særleg vekt på organisasjonen sin verdi for utvikling i heile fylket, framstår som eit ambisiøst – men i praksis lite realistisk – kriterium for støttekategori 1. I praksis vil få organisasjonar ha ei rekkjevidd som dekkjer heile fylket, noko som òg går fram av tildelingane under den tidlegare driftstilskotsordninga. Slike kriterium kan avgrensa ordninga til eit svært lite tal aktørar, og svekka breidda i det regionale organisasjonslivet. Me vil tilrå at kriteriet vert justert til å vektleggja konkret regional samhandling og samarbeid. Dette kan gjerast gjennom målbare indikatorar, som tal på kommunar ein samarbeider med, eller omfanget av regionale partnerskap. Ei slik presisering kan styrkja den rettmessige fordelinga av midlar, og gjera ordninga meir føreseieleg.

Sunnfjord kommune

INN-013 · Kommune

Tema: Den kulturelle spaserstokken, Inkludering

Når ordninga no vert breiare og mindre målretta, vil eg oppmode om at fylkeskommunen sikrar at: Eldre framleis blir prioritert som målgruppe, gjennom krav eller føringar i vurderingskriteria. Kvalitet og profesjonelt kunstnarleg innhald blir ivaretatt, slik det var ein sentral del av Spaserstokken. Tiltak retta mot institusjonsbebuare og heimebuande eldre blir synleggjorde i vurderinga av tilskot, slik at denne gruppa ikkje blir sett til side i konkurransen med andre viktige felt. Ordninga ikkje fører til uforholdsmessig administrativt arbeid for små aktørar som leverer kulturtenester til eldre. Ei tydeleg forankring av eldre som prioritert gruppe vil sikre at verdiane frå Den kulturelle spaserstokken blir vidareført i tråd med fylkeskommunen sine mål om inkludering, folkehelse og kultur for alle.

Trond Mohn Games og Hordaland Friidrettskrets

INN-090 · Idrettsorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Driftstilskot, Idrett

Vi mener at det bør åpnes opp for driftstilskudd over flere år. Frivilligheten har et stort behov for forutsigbarhet. I dag finansieres mye av vår aktivitet gjennom tilskuddsordninger, og det er svært vanskelig å planlegge for kontinuerlig aktivitet gjennom budsjettarbeid. I tillegg som nevnt over, hadde jeg ønsket at idretten får en større del av tilskuddsrammene. I dag er det, så vidt jeg ser noen få tilskuddsmottakere: Vestland Idrettskrets, Idrettsklynge Vest, Olympiatoppen og Trond Mohn Games som kommer inn under ordningen. Særidrettskretsene burde også vurderes. Særkretsene fasiliterer og ligger til rette aktivitetsrammer for klubbene. Kretsene faller ofte utenfor tilskuddsordninger og finansieres i dag i stor grad av klubbene, gjennom kretskontingent. Kretsene ønsker å holde kostnadene for klubbene så lav som mulig, slik at de kan fokusere på å skape aktivitet. Trond Mohn Games er uansett svært takknemlig for at vi er kommet inn under driftstilskuddsordningen fra fylket, enn støtte vi er helt avhengig av for å skape dette viktige årlige arrangementet.

Vestland idrettskrets

INN-085 · Idrettsorganisasjon

Tema: Idrett

Vi har merka oss at "idrett" er teke ut og samla under omgrepet kultur. Vi har forståing for ønsket om å sjå feltet i samanheng, men vil peike på at idrett for mange ikkje utan vidare vert oppfatta som ein del av kulturfeltet. Vi vil difor oppmode om at idrett vert nemnt eksplisitt i overskriftene og namn på ordningane, for å sikre klarheit om rolle, ansvar og prioriteringar. Vi vil også presisere at vi som paraplyorganisasjon representerer heile idretten i Vestland, og at våre midlar også vert vidarefordelt til særidrettskretsane og –regionane. For at det ikkje skal vere forvirrande for kven som skal søke på denne ordninga spelar vi inn at "paraplyorganisasjon" kan nyttast på kven som kan søke.

Vestland Kulturråd - Leiar

INN-048 · Kulturorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Driftstilskot

3. Driftstilskot og konsekvensar for breidda Driftstilskotet er i hovudsak retta mot aktørar med særleg regional eller nasjonal verdi. Det inneber at store delar av den frivillige breidda blir henvist til å konkurrere om prosjektmidlar – med auka risiko for at deltakarbaseret kultur og lokal aktivitet taper over tid.

Vestland Kulturvernnettverk, Gloføykje Metallsøkerforening

INN-115 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor

Det er generelt viktig med forutsigbarhet spesielt ift. faste utgifter knyttet til f. eks. ansettelse/innleie på kontrakt og faste utgifter til leie av kontor. Så en smidig overgang fra et år til neste med kort saksbehandlingstid fra det øyeblikket året er omme til den nye periode begynner er viktig. Det vil skape meget stor usikkerhet ift. kontrakter osv. som vil være en betydelig stressfaktor for de frivillige styrer som kan føre til at ikke så mange ønsker å sitte med et slikt ansvar i styrene. Det vil også være viktig at ikke brukte midler ved årets slutt ikke må tilbakeføres fordi det her kan være behov for overlapping og tilsvarende tilpasninger.

Vestnorsk jazzsenter

INN-067 · Kulturorganisasjon

Kanskje inkludere følgende setning: Konsumprisindeks bør etterstrebes som en minimums-økning i bevilgningene

Voksenopplæringsforbundet (Vofo)

INN-074 · Frivillig organisasjon

Tema: Frivillig sektor, Inkludering, Driftstilskot, Likestilling, Demokrati

Voksenopplæringsforbundet (Vofo) synes det er fint at retningslinjene for driftstilskudd blir sett på. Vofo er også glad for at studieforbund og er omtalt i et eget punkt under støttekategori 3 og omtalen av å støtte opplæring i frivillige organisasjoner. I tillegg til grunntilskudd på kr 5000.- og aktivitetstilskudd basert på SSB statistikken for registrerte studietimer to år tidligere, burde det tatt inn et punkt om tilretteleggingstilskudd. Vofo savner at dette ikke er tatt med, og at det ikke settes av midler til Tilretteleggingstilskudd (TRT). Målet med tilskuddet er å motvirke diskriminering og utenforskap og å fremme inkludering og mangfold. Tilskuddet bør kunne bruke samme retningslinjer som det statlige tilretteleggingstilskuddet baserer seg på. Vofo ser at vi som organisasjon ikke er nevnt i de nye retningslinjene og vi ser dette som en svakhet. Punktet som omhandler hvilke organisasjoner som ikke er berettiget tilskudd Bør sees på på nytt. Det burde være mer spesifisert nøyaktig hva som utelukker fylkeskommunal støtte. Vofo hadde også ønsket at demokratiopplæringen som foregår i frivillige organisasjoner kunne vært enda mer vektlagt. Særlig sett i lys av de samfunnsmessige forandringene vi opplever i dagens samfunn og trusselen mot demokratiet, både nasjonalt og ikke minst internasjonalt. Frivillige organisasjoner er skoler i demokrati .

Øygarden kulturskule

INN-010 · Kultursektor

Tilskotsmidlane skal bidra til auka kulturaktivitet, større deltaking i det lokale kulturlivet og rekruttering av nye deltakarar.

AKKS Bergen*INN-052 · Organisasjon**Tema: Fleirårig støtte, Føreseielegheit, Søknadsprosess*

AKKS Bergen vil også understreke behovet for at tilskudd fra Regionale Kulturfond Vestland kan gis som flerårig prosjektstøtte. Flerårig prosjektstøtte skaper rom for å jobbe mer langsiktig, noe som vil skape mer bærekraftige arbeidsforhold for små kulturorganisasjoner, og i sin tur skape bedre forhold for å utvikle nye tilbud. Flerårig prosjektstøtte vil blant annet redusere arbeidstid forbundet med søknadsarbeid for administrasjonen, og vil frigjøre tid til utvikling av musikktilbudene våre.

Aktive Gamere*INN-054 · Idrettsorganisasjon**Tema: Søknadsfristar*

Det er ikke sikkert dette må inn i retningslinjene, men at det er et system som automatisk sender påminnelse til aktører som har søkt før, eller melder seg på et type varslingsystem. Erfaringsemssig er det ofte vanskelig å finne oversikt over frister på fylket (og alle andre steder)

Alver kommune*INN-153 · Kommune**Tema: Den kulturelle spaserstokken, Inkludering, Eigenandel, Regional verdi, Idrett*

7. Regionalt kulturfond Vestland. Avvikling av den kulturelle spaserstokken (DKSS). Alver kommune oppfatar retningslinjene slik at ordninga DKSS vil verta avvikla og erstatta med prosjektsøknadar til punkt 6: prosjekt som legg til rette for profesjonell kulturformidling til personar over 67 år som i hovudsak er einsleg heimebuande eller på institusjon (tidlegare Den kulturelle spaserstokken.). Det er unntak for eigendelskravet og tal samarbeidspartar for punkt 6. Samstundes har Regionalt kulturfond generelt tre ulike støttekategoriar, der summar over kr 100 000 har større krav til regional verdi og samarbeidspartnarar. Det er ikkje klart om det er unntak for dette knytt til punkt 6, noko som vil vera naudsynt. Alver kommune viser elles til brev til hovudutval for kultur, idrett og inkludering, samt direktør for kultur og folkehelse, sendt frå elleve kommunar den 11. februar 2026. Dette brevet var basert på tidlegare gitt informasjon om reduksjon av rammene til disposisjon for søknadar frå kommunane. Det ser ut til at dette òg er ei problemstilling i dei nye retningslinjene, då punkt 6 kan søkjast av andre enn kommunar. Det er overraskande at det langvarige samarbeidet knytt til profesjonell kunst- og kulturformidling til målgruppa vert endra utan medverknad frå kommunane. Evalueringa dei siste åra, der kommunane har delteke, peiker etter vårt syn ikkje til desse endringane. Brevet frå den 11. februar, som oppmodar om å avventa endringane knytt til DKSS, vert lagt ved her og står ved lag som innspel til denne høyringa. Bibliotekutvikling/prosjekt. Punkt 5 prosjekt som fører til utvida tilbod og betre bibliotektenester for publikum, og som er nyskapande eller nytt i det aktuelle biblioteket. Som over er det også her knytt usikkerheit ved storleik på tilskot og dei tre ulike støttekategoriane. På den eine sida har punkt 5 unntak knytt til eigendel og samarbeidspartar, på den andre sida er støttekategoriane og tilskotsstorleik betinga av samarbeidspartar og regional verdi. Dette bør klargjerast i endelege retningslinjer, og folkebiblioteksutvikling bør ikkje måtte ha eit regionalt formål då kvar kommune er pålagt tenesta som ei grunnleggande oppgåve.

Askøy Kommune

INN-158 · Kommune

Tema: Føreseielegheit, Den kulturelle spaserstokken, Eigenandel, Regional verdi

1) Avvikling av den kulturelle spaserstokken (DKSS). Slik vi forstår de foreslåtte retningslinjene, innebærer omleggingen at Den kulturellespaserstokken (DKSS) avvikles som egen ordning, og erstattes av prosjektstøtte underpunkt 6: «prosjekter som legg til rette for profesjonell kulturformidling til personar over 67 år som i hovudsak er einsleg heimebuande eller på institusjon (tidlegare Den kulturelle spaserstokken)». DKSS-tilbudet i kommunene vil etter vår vurdering falle inn under støttekategori 1, med et maksimalt tilskuddsbeløp på 100 000 kroner. Askøy kommune har tidligere i år signert et felles brev fra en rekke vestlandskommuner med innspill til varslede endringer i Den kulturelle spaserstokken. I brevet etterlyses også sterkere medvirkning fra kommunene i prosessen. Vi gjentar ikke disse momentene her, men viser til brevet datert 11.02.2026. Askøy kommune er svært bekymret for de foreslåtte endringene. Konsekvensen vil være en betydelig reduksjon i tilbudet kommunen kan gi personer over 67 år som i dag mottar tilbud gjennom DKSS. Ved bortfall av dagens ordning der 80% av tilskuddet kommunene mottar er basert på innbyggertall og 20% tildeles basert på kvalitetskriterier, forsvinner også forutsigbarheten for kommunens forvaltning av ordningen. Vi er sterkt bekymret for at konsekvensen av endringene vil være at tilbudet til brukergruppen vil fragmenteres og smuldre opp. Askøy kommune er overrasket over at det langvarige samarbeidet knyttet til profesjonell kunst- og kulturformidling til målgruppen foreslås endret uten medvirkning fra kommunene. Vi gjentar derfor oppfordringen fra brevet datert 11.02.26 med å avvente endringene knyttet til den kulturelle spaserstokken. 2) Bibliotekutvikling Punkt 5: «prosjekt som fører til utvida tilbod og betre bibliotektenester for publikum, og som er nyskapande eller nytt i det aktuelle biblioteket». Det er knyttet særskilte unntak til søknader under dette punktet når det gjelder krav til egenandel og samarbeidspartnere. Samtidig er støttekategorier og tilskuddsbeløp betinget av samarbeidspartnere og regional verdi. Dette fremstår som uklart, og vi mener det er behov for tydeligere presiseringer i de endelige retningslinjene. For prosjekter knyttet til arenautvikling i folkebibliotekene bør det etter vårt syn

Aulaseriene c/o Kulturinkubator AS

INN-147 · Kulturorganisasjon

Tema: Regional verdi

Vi anerkjenner fylkeskommunens innsats for å tydeliggjøre og bre ut ordningen for regionalt kulturfond. Ordningens tittel («Regionalt kulturfond») oppleves, slik også fylkets administrasjon og politikere kommenterer, noe utydelig og vag i sammenheng med fylkets øvrige tilskuddsportefølje. At man nå samler flere ordninger inn under denne for å øke nedslagsfeltet og den samlede tilskuddspotten, er positivt, men vi understøtter gjerne et videre arbeid med å gi ordningen et mer dekkende, tydeligere navn.

Buzz

INN-078 · Kulturorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Inkludering, Aksjeselskap

Dersom formålet med tilskotsordninga er å stimulere til auka aktivitet og deltaking i kulturlivet, styrke samspelet mellom profesjonelt og frivillig kulturliv og heve kvaliteten på kunst- og kulturtilbodet lokalt og regionalt, framstår det som lite formålstenleg å avgrense søkjarmassen slik det er gjort i utlysinga. Ei avgrensing der ikkje-ideelle aksjeselskap (AS) ikkje kan søke, vil kunne redusere ordninga si måloppnåing. Det er i utlysinga presisert at fondet skal prioritere prosjekt som utviklar og styrker kulturelle og kreative næringar gjennom kompetanseheving, nettverksbygging og tenesteutvikling. Vidare skal ordninga bidra til eit nyskapande og utforskande kulturliv. Aksjeselskap innan kulturfeltet utgjer ein vesentleg del av den profesjonelle infrastrukturen i sektoren, og er ofte sentrale drivkrefter for utvikling, innovasjon og gjennomføringsevne. Ei avgrensing av desse aktørane vil kunne svekkje både breidda og kvaliteten i prosjekta som vert realiserte. Det er grunn til å understreke at dei fleste kulturverksemdene i Vestland fylke ikkje tek ut utbytte, men reinvesterer eventuelle overskot i vidare drift og utvikling. Samstundes opererer mange med avgrensa økonomiske marginar. Tilskot til aksjeselskap innan kulturfeltet vil difor i praksis fungere som verkemiddel for å utløyse aktivitet, styrke samarbeid og heve kvalitet, snarare enn som kapitalavkasting. Ei opning for at aksjeselskap kan søke midlar vil kunne bidra til å styrke næringsgrunnlaget i kultursektoren, auke aktivitet og sikre eit breiare og meir mangfaldig publikumstilbod i fylket. På bakgrunn av dette vert det frå Buzz sin ståstad tilrådd å vurdere ei endring i retningslinene slik at ikkje-ideelle aksjeselskap vert omfatta av søkekrinsen for ordninga.

Bømlo kommune

INN-110 · Kommune

Me meiner at kommunane kjem dårleg ut i denne tilskotsordninga. At ein må dokumentera samarbeid med minst ein aktør frå kulturlivet er positivt, men kva med andre aktørar? Spesielt innanfor deler av ordninga er det aktuelt å samarbeida med langt fleire aktørar enn kultur.

Folkeakademieet Luster

INN-064 · Kulturorganisasjon

Tema: Den kulturelle spaserstokken

Retningslinjene må vere att tilskotet i den kulturelle spaserstokken ikkje skal gå ned , men holde dagens nivå. Kultur er folkehelse og det gjer att alle er i betre humør når dei reiser frå konserten. Det er hovudsakleg musikk og film som er best for våre gamle. Foredrag er ikkje so bra. då sovna dei fort.

Gulen folkebibliotek

INN-035 · Organisasjon

Tema: Den kulturelle spaserstokken

Målgruppa for tidlegare DKSS bør framleis vere alle eldre over 65 år. Det same gjeld for tilskot som biblioteka kan søkje på når det gjeld profesjonelt kulturtilbod for eldre.

Kulturskolerådet Vestland

INN-137 · Kultursektor

Tema: Eigenandel

Forslag kulepkt. 4 på "Kven kan søke støtte": "Kommunar som dokumenterer samarbeid med minst éin aktør frå kulturlivet, og bidreg med minst 50 % eigendel."

Musikkontoret Brak

INN-073 · Kulturorganisasjon

Tema: Fleirårig støtte, Føreseielegheit, Rapportering, Søknadsfristar, Regional verdi, Aksjeselskap, Berekraft

1. Villkår for aksjeselskap: Dei nye retningslinjene stiller krav om at aksjeselskap må ha ideelt føremål nedfelt i vedtektene for å kunne søkje, med unntak for tiltak knytt til bransjeutvikling. I den tidlegare prosjektordninga var det ikkje noko tilsvarende krav - det heldt at søkjar hadde organisasjonsnummer. I det frie og profesjonelle musikkfeltet er det vanleg at aktørar er organiserte som aksjeselskap av praktiske, juridiske og skattemessige omsyn. Musikkontoret Brak oppmodar òg aktørar med ein viss omsetnad om å organisere verksemda som aksjeselskap, nettopp av omsyn til ryddige rammer, ansvar og berekraftig drift. Slik retningslinjene no er utforma, er det ein risiko for at sentrale aktørar i det frie feltet fell utanfor på formelt grunnlag. Dette kan svekkje breidda, profesjonaliteten og utviklinga i musikkbransjen regionalt og nasjonalt. Vi ber om at retningslinjene vert justerte slik at organisasjonsform åleine ikkje vert avgjerande for om aktørar med kunstnarleg hovudverksemd kan få tilgang til ordninga. 2. To søknadsfristar: Ordninga har no ein søknadsfrist i året, mot tidlegare to. For det frie feltet, som ofte arbeider prosjektbasert og med korte planleggingshorisontar, gir to søknadsfristar større fleksibilitet og betre samsvar med korleis feltet faktisk opererer. Éin årleg frist kan avgrense moglegheita til å reagere på nye initiativ, samarbeid og marknadssjansar. Vi meiner difor at ordninga bør ha to søknadsfristar årleg, slik at ho i større grad støttar dynamikken og utviklingstakta i det profesjonelle musikkfeltet. 3. Fleirårige prosjekt bør vera tilgjengeleg for fleire: Retningslinjene avgrensar fleirårige prosjekt (inntil tre år) til berre prioritering 1 og 2. For alle andre gjeld eittårig støtte. Vi meiner dette er ei avgrensing som særleg rårar aktørar som arbeider med langsiktig nettverksbygging, kompetanseutvikling og formidling - alle sentrale delar av det frie musikkfeltet sitt arbeid. Vi ber om at tilgangen til fleirårige prosjekt vert utvida til å gjelde fleire prioriteringar, eller at retningslinjene gjev tydelegare rettleiing om kva type prosjekt som kan kvalifisere under dei to aktuelle prioriteringane. 4. Produksjonsfasen bør inkluderas: Dei nye retningslinjene viderefører eksklusjonen av produksjonsfasen. Vi forstår utfordringa med å vurdere prosjekt i tidleg fase, men meiner denne avgrensinga rårar det frie feltet særleg hardt. Profesjonelle musikarar utan institusjonell ryggdekning er ofte avhengige av prosjektstøtte nettopp til produksjon for å kunne realisere kunstnarleg arbeid med regional verdi. Vi ber om at fylkeskommunen vurderer om det kan opnast for søknader om støtte til produksjon, eventuelt med tydelegare krav til dokumentasjon av regional verdi og distribusjon/formidlingsplan, slik at prosjekta lar seg vurdere opp mot kriteria i ordninga.

Osterøy kommune

INN-058 · Kommune

Tema: Den kulturelle spaserstokken

Kommunane bør kunne søke, i ein stram kommuneøkonomi treng kulturskulen tilgang på friske og frie midlar for å vekke kulturinteressen blant barn og unge. Viser også til at DKSS ikkje bør flyttast frå kommunane, slik forslaget legg føringar for.

Sogn og Fjordane folkemusikklag

INN-126 · Kulturorganisasjon

Tema: Fleirårig støtte, Immateriell kulturarv

Her ynskjer vi at det skal leggjast til eit punkt som heiter: "prosjekt som bidreg til å ta vare på og formidlar kulturarven", under overskrifta "Dette støtter vi". Vi ynskjer òg at det skal vere mogleg å søkje tilskot til Instrument, og at dette ordet skal strykast frå lista over kva som ikkje kan motta tilskot.. T.d. hardingfeler er ein viktig del av utøvinga av folkemusikken og bør ikkje utelatast her. Det opnar ikkje berre for at fleire kan få tilgong til instrumentet tross den økonomiske barrieren, men at hardingfelemakarar får fleire moglegheiter til å utøve sitt tradisjonshandverk. Ellers ynskjer vi at det skal vere opning for alle søkjarar å kunne motta 3 års stønad. Nokre prosjekt krev fleire år for å få fotfeste og tydelege resultat, og difor bør kvar søknad vurderast individuelt om det er meir føremålsteneleg å tillate stønad gjennom 3 år.

Sogn og Fjordane Ungdomslag

INN-140 · Kulturorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Inkludering, Geografisk spreiding, Regional verdi, Immateriell kulturarv, Søknadsprosess

Regionalt kulturfond. Eit regionalt kulturfond kan bli eit viktig verkemiddel for utvikling og nyskaping i heile fylket. Vi vil understreke at fondet må: -Sikre geografisk spreiding. -Vere tilgjengeleg også for mindre aktørar og frivillige organisasjonar. -Ha søknadskrav som står i rimeleg forhold til tilskotsstorleik. Det er viktig at fondet ikkje vert retta primært mot profesjonelle miljø, men også opnar for frivillig kulturliv som skaper aktivitet, møteplassar og lokal identitet. Livskvalitet og sosial utjamning: Kultur og frivillig aktivitet er dokumentert viktige verkemiddel for livskvalitet, inkludering og sosial utjamning. Ordningar innan dette området bør: -Stimulere til lågterskeltilbod. -Leggje til rette for deltaking uavhengig av økonomi. -Støtte aktivitetar som byggjer fellesskap på tvers av alder, bakgrunn og funksjonsnivå. -Frivillige lag innan dans og folkemusikk spelar ei viktig rolle som sosiale møteplassar i lokalsamfunna. Dei bidreg både til kulturell deltaking, fysisk aktivitet og sosial tilhøyrse.

Solund kommune

INN-031 · Kommune

Tema: Eigenandel

Endre denne setninga: Kommunar som søker må dokumentere samarbeid med minst éin aktør frå kulturlivet, og må bidra med minst 50 % eigendel. Forslag: Kommunar som søker må vise til at ein samarbeida med kulturlivet og omsorgssektoren i kommunen. Ta bort at ein må bidra med minst 50% eigendel. Dersom ein ynskjer at ordninga skal bidra til auka kulturaktivitet for 65+, meina eg det vert vanskeleg om det vert krav om 50% eigendel, då mange kommunar har stram økonomi.

Solund kommune

INN-093 · Kommune

Tema: Eigenandel

«Kommunar som søker må dokumentere samarbeid med minst éin aktør frå kulturlivet, og må bidra med minst 50 % eigendel. Unntak er prosjekt i regi av eit folkebibliotek i Vestland og prosjekt der målgruppa er innbyggjarar over 67 år som treng særskild tilrettelegging.» Denne setninga bør opp i kulepunktlista under «Kven kan søkje støtte». «Dette kan ikkje bli tilskot til: Eksempel på kva som ikkje bli rekna som ordinær drift: (...) • pilotprosjekt for å teste nye metodar, formidlingsformer eller publikumsarbeid.» Bør og vere ope for å teste ut/implementere tiltak etc.

Stiftelsen Litteraturhuset i Bergen

INN-019 · Kulturorganisasjon

Problemet her er nok at grenseoppgangen mellom drift og prosjekt ikkje er helt tydelig, og etter det jeg kan se er det ikkje så mye nytt sammenlignet med første utlysning.

Stord kommune

INN-103 · Kommune

Tema: Den kulturelle spaserstokken, Eigenandel, Regional verdi

Stord kommune registrerer at kommunar kjem dårleg ut i denne tilskotsordninga. Kommunar må dokumentera samarbeid med minst éin aktør frå kulturlivet, og det er krav om eigendel på 50%. Dette vil, slik me ser det, vera eit hinder for gode prosjekt og spanande utvikling. Me opplever at det er uklart kva som ligg i: ein aktør frå kulturlivet. Kven og kva er ein aktør kulturlivet i denne samanhengen? Det er òg underleg at bibliotek, som i all hovudsak er kommunale, ikkje treng krav om 50% eigendel. Retningslinene bør forklara kvifor. Vidare bør det òg koma fram om kommunar kan samarbeida med kommunar, dette er uklart. Me meiner det er ein styrkje og ei kraft at kommunar samarbeider om ulike tiltak og prosjekt, og ynskjer at det vert presisert i retningslinene. Me syns det er urimeleg at eigenøving ikkje vert rekna som eigeninnsats. Det er sær s uheldig at Den kulturelle spaserstokk-ordninga vert lagt inn i denne kategorien. Stord kommune har i samarbeid med mellom anna Alver og Voss sendt eige brev som eksplisitt tek opp utfordringane med omlegginga av denne ordninga. Me oppmodar om å sjå til Rogaland fylkeskommune sine retningslinjer for regionalt kulturfond: Retningslinjer for regionalt kulturfond - Rogaland fylkeskommune sjå særleg punkt 5. finansiering og maksimumssatser til tilskot – ei slik oversikt saknar me i dei nye retningslinene til Vestland.

Vestland Kulturråd - Leiar

INN-049 · Kulturorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Eigenandel, Regional verdi

2. Vurdering av dagens situasjon Vi støttar oppryddinga i tilskotsordningane. Samstundes vil vi peike på ein klar risiko: Den nye innretninga på Regionalt kulturfond Vestland kan føre til ei systematisk forskyving av midlar frå frivillig og amatørbasert kultur til profesjonelle aktørar. Når ein ser på tildelingane frå Regionalt kulturfond i 2025 ser vi at ca. 20 % gjekk til amatørar og frivillige, ca. 33 % gjekk til profesjonelle og ca. 47 % gjekk til ein samansett gruppe av stiftingar, offentlege m.m. Dette viser at det blei ein relativt stor ubalanse i fordeling mellom frivillig/amatør og profesjonelle slik vi frykta og antyda i møte med politiske parti våren 2025. Når prosjektmidlar blir samla i éi ordning med krav om regional verdi, samarbeid, nyskaping og eigenfinansiering, vil aktørar med administrativ kapasitet og profesjonell struktur truleg stille sterkare i «kampen» om midlane enn frivillig sektor som ikkje har dei same ressursane.

Vestland Kulturvernnettverk, Gloføykje Metallsøkerforening

INN-116 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit

En kort behandlingstid for søknader er en stor fordel. Planleggingen av tiltak/prosjekt/arrangement vil kreve forutsigbarhet så en søknad som er sendt inn om våren burde være innvilget tidlig i juni for ikke å gi vanskeligheter. Planleggingstiden vil jo også gjøre at man søker om våren for noe om høsten og tilsvarende for høsten. Det burde også være slik at min. 70/75% av omsøkt støtte utbetales gjennom en enkel prosedyre og uten større behov for å handtere evt. søknad om forskudd etc., det vil forsinke arbeidet og er ganske byråkratisk, også for VLFK. Et eksempel er LivOGLyst prosjektet der det var ganske enkelt å få ut midler etter anmodning. Ofte er situasjonen med å få utbetalt støtte krevende i en fase der man trenger midler, også når man har søkt støtte flere steder. Noen tiltak vil kreve forskudds betaling og da blir det fort komplisert og stressende.

Vestnorsk jazzsenter

INN-068 · Kulturorganisasjon

En viktig og god sammenslåing av flere ordninger med samme formål. Bra å begrense søkermuligheten til Vestland fylke.

Voss herad

INN-122 · Kommune

Tema: Fleirårig støtte, Føreseielegheit, Frivillig sektor, Den kulturelle spaserstokken, Inkludering, Eigenandel, Regional verdi

1. Bibliotekutvikling Vi ønskjer å gi innspel frå biblioteksektoren til den nye tilskotsordninga. Klargjering av søkarstatus Det kjem fram at kommunar kan søke, og at prosjekt i regi av folkebibliotek er unntatt frå krav om 50 % eigendel og krav om samarbeidspartnar. Dette er positivt. Samtidig er dette ikkje tydeleg formulert i oversikta over kven som kan søke. Sidan folkebibliotek ikkje er eigne rettssubjekt, men del av kommunen, bør det gå eksplisitt fram at kommunar – og prosjekt i regi av folkebibliotek – er omfatta av ordninga. Ei slik presisering vil redusere unødig usikkerheit. Lokal effekt og regional verdi Vi merkar oss at det for større søknader blir stilt krav om regional kulturverdi. Folkebiblioteket har eit lovpålagt lokalt samfunnsoppdrag, og utvikling av biblioteket som møteplass og arena vil ofte ha primært lokal effekt. Samtidig utgjør biblioteka samla sett ein del av den regionale kulturinfrastrukturen. Det er viktig at vurderinga av regional verdi tek omsyn til dette, slik at ikkje mindre kommunar fell utanfor ved større søknader. Prosjekt vs. utvikling Det er positivt at det er etablert ei eiga prioritering for bibliotek (prioritering 5), og at eigenandelskravet ikkje gjeld her. Vi vil likevel peike på at utvikling av bibliotektenester ofte krev langsiktig arbeid. Sidan bibliotekprosjekt berre kan få eittårig støtte, kan det vere krevjande å byggje varig utvikling. Det bør vurderast om bibliotekprosjekt også kan opnast for fleirårig støtte. Avslutning Regionalt kulturfond Vestland er eit viktig verkemiddel for å styrke breidde og mangfald i kulturlivet. For biblioteksektoren er det avgjerande at ordninga er tydeleg, føreseieleg og tilpassa biblioteket sitt samfunnsoppdrag som open og inkluderande møteplass i lokalsamfunnet.

2. Den kulturelle spaserstokken. Vi viser til forslag om å innlemme Den kulturelle spaserstokken (DKSS) i Regionalt kulturfond Vestland. Vi ser fleire positive intensjonar i den nye modellen, særleg når det gjeld styrkt regional samordning, kvalitetsutvikling og breiare samarbeid i kulturlivet. Samstundes ønskjer vi å peike på nokre forhold som etter vår vurdering bør presiserast eller justerast for å sikre at ordninga fungerer best mogleg:

- Tyding av søkjarkrets Det er positivt at kommunar kan delta i ordninga, men dette bør kome klart fram i oversikta over kven som kan søkje, slik at det ikkje oppstår tolkingstvil.
- Føreseieleg ramme for målgruppa Ei innlemming i eit breiare fond kan opne for nye samarbeid og utvikling, men det er viktig at tiltak retta mot eldre framleis har ein tydeleg og stabil plass i ordninga, slik at kommunane kan planleggje langsiktig.
- Balansen mellom prosjekt og kontinuitet Prosjektorientering kan stimulere til nyskaping og kvalitet. Samstundes bør ordninga leggje til rette for at etablerte og velfungerande tiltak kan vidareførast, slik at ein tek vare på kompetanse og relasjonar som allereie er bygde opp.
- Formulering av målgruppe Presiseringa om at tiltaka i hovudsak skal rette seg mot einslege heimebuande eller personar på institusjon, kan med fordel vurderast justert slik at ho ikkje blir oppfatta som avgrensande for breidda i tilbodet til eldre.
- Lokal tilpassing innan regional struktur Ei regional forvaltning kan styrkje heilskap og kvalitet. Samstundes er det viktig at ordninga framleis gir rom for lokal tilpassing, slik at tiltaka treff faktiske behov i kommunane. Samla vurdering Vi vurderer at den nye modellen har eit godt utviklingspotensial, særleg dersom ein sikrar tydelege rammer, god medverknad frå kommunane og føreseielege vilkår for målgruppa. Vi tilrår difor vidare dialog med kommunesektoren før endeleg utforming av ordninga. Jamfør felles skriv tilsendt Vestland fylkeskommune frå fleire kommunar, 11. februar 2026.

Årdal kommune

INN-061 · Kommune

Tema: Føreseielegheit, Den kulturelle spaserstokken, Rapportering, Søknadsfristar, Geografisk spreing, Søknadsprosess

Årdal kommune viser til høyringsbrevet frå Vestland fylkeskommune datert 12.02.2026 om endringar i tilskotsordningane innan kultur og folkehelse. Det er viktig at retningslinjene tydeleg synleggjer eldre som ei målgruppe, særleg når det gjeld tiltak som motverkar einsemd, styrkar kulturaktivitetar og fremjar folkehelse. Fordelingspraksis bør òg ivareta mindre kommunar som Årdal, slik at tiltak retta mot eldre i distrikta blir tilstrekkeleg vektlagde. Årdal kommune ber om at dei nye retningslinjene inneheld:

- klare og føreseielege kriterium
- oversiktlege og enkle søknadsprosessar
- realistiske og tidleg varsla fristar
- dokumentasjonskrav som er tilpassa kommunestorleik.

Dette er nødvendig for at òg små og mellomstore kommunar skal kunne nytte ordningane fullt ut. Kommunen støttar fylkeskommunen sitt arbeid med å modernisere og samle tilskotsordningane, og vil samstundes understreke at kultur- og folkehelseiltak for eldre – som Den kulturelle spaserstokken – må sikrast gode og stabile rammevilkår i den nye strukturen.

Bergen Stupeklubb*INN-002 · Idrettsorganisasjon*

Psykisk helse bør fremmes spesielt mye her

Bømlo kommune*INN-111 · Kommune**Tema: Rapportering*

Det er uklart kva som er maks beløp i denne tilskotsordninga, ikkje samsvar med rapport og oppfølging.

FN-sambandet*INN-132 · Frivillig organisasjon**Tema: Berekraft*

Foreslår å legge til et ekstra punkt under "Dette støttar vi". Forslag til ekstra punkt= "Tiltak som fremjar samspel og berekraftig samfunnsengasjement på tvers av innbyggjarar i Vestland."

Folkeakademiet Luster*INN-065 · Kulturorganisasjon**Tema: Den kulturelle spaserstokken*

Den kulturelle spaserstokk er utruleg viktig for alle eldre både heimebuande og på omsorgsenter. Folkeakademiet er avhengig av tilskot for å ha konsetar på omsorgsenter spesielt. Me kan ikkje rekne med att dei som bur der har råd til å betale inngongspeng. Tilskotet me får er heilt avgjerande for dei eldre i vår kommune.

Hordaland Røde Kors*INN-130 · Frivillig organisasjon**Tema: Inkludering, Eigenandel*

Endringen om å kreve 50% egenandel for tilskuddet Livskvalitet og sosial utjamning gjør det betydelig vanskeligere for spesielt lokale ledd og mindre organisasjoner å få til prosjekter som kan få støtte fra dette tilskuddet. Vi har tidligere fått tilbakemelding fra lokalforeninger i distriktet om at de velger å ikke søke på tilskudd som prioriterer høy egenfinansiering, og ser for oss at dette er enda vanskeligere for mindre organisasjoner enn Røde Kors. Særlig satsninger som handler om inkludering for migranter og sårbare grupper som tidligere har søkt på tilskudd for både lavterskel fysisk aktivitet og integrering kan bli påvirket av dette

Likestillingssenteret på Vestlandet (KUN)*INN-144 · Frivillig organisasjon**Tema: Inkludering, Likestilling*

Vi foreslår å inkludere begrepet likestilling her: Tilskotsordninga skal • LEGGE TIL RETTE FOR EIT MANGFOLDIG SAMFUNN OG bidra til betre integrering, inkludering OG LIKESTILLING

LINK Bergen og omegn

INN-044 · Frivillig organisasjon

Tema: Inkludering, Eigenandel, Regional verdi

Første punkt: tilskuddet skal ligge innunder "Nyskaping", men slik ordningens regler er nå så støtter den feks. ikke "utvidingar og/eller omorganisering av eksisterande verksemd", når nyskaping i praksis ofte skjer gjennom videreutvikling av tiltak, nye metoder eller forbedring av tilbud som allerede finnes. I tillegg krever ordningen regional verdi, mens ekte nyskaping gjerne starter lokalt. Den kan selvsagt ha overføringsverdi, men da bør dere vurdere regional verdi per nå vs. mulig fremtidig regional verdi. Det er også en motsetning i kravet med 50% egenfinansiering og nyskaping - for med såpass høy egenfinansiering favoriserer ordningen etablerte aktører og etablerte tiltak som allerede har midler/svar på søknader. Dersom ordningen skal ha "Nyskaping" som hovedprofil, må dette komme tydeligere frem i retningslinjene. Slik de står i dag fremstår ordningen i hovedsak som et aktivitets- og inkluderingstilbud, med avgrenset rom for faktisk nyskaping.

Norges Husflidslag

INN-033 · Kulturorganisasjon

Flott at det er ei eiga ordning som viser til livskvalitet og sosial utjamning, som ikkje kun viser til fysisk aktivitet.

Ruspolitisk Råd Vestlandnd (tidligere Actis Vestland)

INN-150 · Interesseorganisasjon

Det bør gies tilskudd til lagene for å noe fram med kurs/opplæring og sosiale tiltak i hele Vestland

Solund kommune

INN-094 · Kommune

Tema: Geografisk spreining

Flott at målgruppa er alle, men at særskilte grupper nemnde. Gode, heilheitlege prioriteringar. «Vestland fylkeskommune prioriterer søknader som inneheld • tiltak som reduserer barrierar for deltaking (økonomiske, kulturelle eller sosiale barrierar)» Fylket vårt er spreiddbudd og transporttilboda ikkje alltid dekkande for behova. Derfor bør også fysiske barrierar, eller transport, stå i parentes. «Dette støttar vi ikkje: • ordinær drift (...)» Det er ynskjeleg å kunne teste ut tiltak som skal på sikt planleggast inn i ordinær drift. • «tiltak som gjeld einskild-arrangement og eingongshendingar blir ikkje prioritert» Ordlyden bør spissast til «er». Slik at søkjarar ikkje lar vere å søkje tilskot til prosjekt som gjeld tilrettelegging til einskildarrangement/-hendingar. Dømesvis transportordningar.

Springbrett for ungdom

INN-028 · Frivillig organisasjon

Tema: Inkludering

God betegnelse på det som før het lågterskel og inkludering

Stiftelsen Litteraturhuset i Bergen

INN-020 · Kulturorganisasjon

Tema: Driftstilskot

Kan man søke på denne dersom man får driftstilskudd? Sânt må klargjøres.

Stord kommune

INN-104 · Kommune

Tema: Rapportering, Kulturarv

I retningslinjene for denne ordninga er det referert til ulike summar; ein plass står det maks kr 300 000, medan det i oppfølging og rapportering, viser til maks kr 500 000. Dette bør ryddast opp, slik det ikkje skapar unøddig forvirring. Stord kommune meiner at denne ordninga potensielt sett kan vera ei god ordning for å følgja opp kommunen sin kulturmiljøplan.

Sunnfjord kommune

INN-014 · Kommune

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Inkludering, Eigenandel, Geografisk spreiding, Regional verdi

Vi støttar særleg vektlegginga av lågterskel aktivitet, målgruppedmedverknad, ABC-modellen og tiltak som når personar med fleire minoritetsstatusar. Dette samsvarar godt med kunnskapsgrunnlaget om livskvalitet og sosial utjamning, og med det systematiske folkehelsearbeidet i kommunane. Samtidig vil vi spele inn nokre punkt som kan gjere ordninga endå meir treffsikker: Tydeliggjere kravet om «regional verdi». For mange lokale initiativ kan dette vere uklart. Vi foreslår at ordninga opnar for at lokal treffsikkerheit og overføringsverdi i liknande kommunar også kan kvalifisere som regional verdi. Vurdere lågare krav til medfinansiering for små frivillige organisasjonar. 50 % eigenandel kan vere eit hinder for tiltak som elles treff målgruppa godt. Gje sterkare prioritering til tiltak som bygger varige strukturar. Ordninga finansierer berre prosjekt, men livskvalitet og inkludering krev ofte langsiktig arbeid. Det bør vere mogleg å støtte pilotprosjekt som kan inngå i vidare drift. Tydeliggjere universell utforming og digital inkludering. Dette er viktige barrierar for deltaking, særleg for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Vurdere eigne kriterium for tiltak retta mot einslege i sårbare livssituasjonar. Dette er ei gruppe med kjent risiko for låg livskvalitet og utanforskap. Vi meiner desse justeringane vil styrke ordninga og bidra til at midlane blir nytta på ein måte som gir størst mogleg effekt for livskvalitet, inkludering og sosial utjamning i heile fylket.

Vestland idrettskrets

INN-086 · Idrettsorganisasjon

Tema: Inkludering, Rapportering, Regional verdi, Idrett

Målgruppa er spesifisert til barn og unge, eldre og minoritetar. Med bakgrunn i Barne- og familiepanelet sin rapport nr 10 (Alles idrett – jenters kultur) vil vi ta med at foreldra spelar ei viktig rolle som kulturbærarar når det gjeld idrett. Rapporten viser at foreldre si deltaking og forhold til idrett har ein samanheng med om barna deltar. Vi meiner difor at det er viktig at primær målgruppe heller ikkje utelukkar at midlar kan gå til tiltak som engasjerer foreldregenerasjonen/unge vaksne/vaksne. Vi saknar her ei spesifisering av kven som skal kunne søke om støtte. Slik det står no er det ope for direkte søknadar frå til dømes alle idrettslag og idrettsråd. Vi har god erfaring med å søke midlar i tidlegare “lågterskel fysisk aktivitet”-ordninga som vi deretter lyser ut til idrettslag i fylket. Slik oppnår vi ein større regional verdi og overføringsverdi enn om enkelståande idrettslag søker direkte. Ei god ordning kan vere å vidareføre at idrettskretsen som paraplyorganisasjon søker på vegne av idrettslag og idrettsråd i fylket. Særidrettskretsane og –regionane kan søke direkte til fylkeskommunen i denne ordninga, med bakgrunn i at dei nettopp er særidretten sitt fylkesledd og difor tettast på den aktive idretten. For å sikre oversikt og heilskapleg utvikling tilrår vi at søknadar frå særidrettane vert forankra hos idrettskretsen. Under døme på tiltak som kan få støtte er “arrangement” nemnt. Seinare i teksten kjem det fram at einskilds-arrangement ikkje vil vere prioritert. Vi meiner her det kan vere nyttig for ei tydeleggjering at arrangement blir fjerna frå tekst om døme på tiltak som kan få støtte. Det skal ikkje utelukke at arrangement kan få støtte, men underliggjande då at søkar må argumentere godt for korleis eit arrangement eller arrangementtrekkje bidreg til livskvalitet og sosial utjamning.

Øygarden kulturskule

INN-011 · Kultursektor

Tema: Frivillig sektor

Tilskotsordninga skal bidra til å auke samarbeidet mellom kommunen og kulturfrivilligheita.

Alver kommune*INN-154 · Kommune**Tema: Kulturarv*

8. Kartlegging og tilrettelegging for friluftsliv. I dag kan ein kommune søkja om 50 000 til realisering av tiltak. Det kan gjerne komma tydelegare fram i retningslinene om ein no kan søkje maksimalt 100 000 i løpet av planperioden, eller om eit slikt beløp kan søkjast om fleire gongar. Samstundes står friluftslivsordninga fram noko isolert, då andre tiltak som bibliotek, kulturarv og tilbod eldre over 67 ikkje lenger ser ut til å ha egne ordningar.

Askøy Kommune*INN-159 · Kommune**Tema: Frivillig sektor*

Våre erfaringer fra Friluftslivets år har vært positive, og satsingen har bidratt til etablering av en rekke nye aktiviteter og samarbeid på tvers av aktører. Dette viser at relativt småøkonomiske virkemidler kan utløse betydelig lokal aktivitet og engasjement. Vi mener det bør vurderes om ordningen i større grad kan åpne for støtte til mindre tiltak og samarbeidsprosjekter, også der disse ikke er direkte forankret i kommunens plan for friluftslivets ferdselsårer. Mindre og fleksible tiltak kan fungere som lavterskel innganger til økt deltakelse i friluftsliv, og samtidig bidra til å mobilisere frivillighet, lokalt initiativ og nyemålgrupper.

Bergen Stupeklubb*INN-003 · Idrettsorganisasjon**Tema: Inkludering*

Barn, unge og utenforskap samt psykisk helse prioriteres.

Osterøy kommune*INN-059 · Kommune*

I behovsvurdering bør ein sjå på om eit område mykje besøkande, dvs at reiseliv blir ein faktor for tildeling.

Solund kommune*INN-095 · Kommune*

Våre innbyggjarar spreidd busette, og mange opptatt av trim i nærmiljøet og særskilt turløypene. Det er ønskeleg og svært tidsbesparende at fylkeskommunen legger ved ein kost nytte kalkulator/mal med kjende, etablerte verdiar, der kost nytte verdi skal vurderast.

Stiftinga Stemnebø Ting*INN-079 · Stiftelse**Tema: Frivillig sektor*

Sjå punkt 9 for bakgrunn. Her bør støtteordninga utvidast til også andre aktørar enn berre kommunen og friluftsråd. Det vil ofte gje meir igjen for pengane, gje eit breiare nedslagsfelt og stimulera til frivillige arbeid.

Stord kommune

INN-105 · Kommune

Tilskotet ligg under kategorien nyskaping, Stord kommune syns derfor det er underleg at kartlegging, gradering og tilrettelegging for ro- og padleruter vert framheva som tiltak som skal prioriterast. Etter vårt syn er ikkje dette nyskapande, og det undrar oss kvifor eit, så spesifikt, tiltak skal framhevast når det elles er nytta generelle fellesnemningar. Me meiner òg at ro- og padelruter angår ein særst liten del av innbyggjarane og ev. besøkjande/turistar i Vestland, og undrar oss over kvifor dette tiltaket skal få så stor «plass». Me meiner at dette er dårleg forvaltning av fellesskapet sine midlar.

Aktive Gamere*INN-055 · Idrettsorganisasjon**Tema: Stipend, Idrett*

Angående tildeling av e-sportstipend så er det slik i e-sport at de fleste som er over 16 ikke lenger er i en e-sportklubb, men evt i signert avtale hos profesjonell klubb. Dersom vi skal nå "up and comings" bør aldersgrensen senkes til i alle fall 14 år. Jeg vet ikke om dette er innenfor lovverket, men det ville hjulpet stort. Det er vanskelig for unge utøvere å bli oppdaget i dag, og selv om man er i en breddeklubb så er det så utrolig mange ulike spill og klubbene tilbyr ikke alle. Bør også revurdere om Vestlandet e-sport skal være med i kårning, de har vært lite nær klubbene de siste årene og hatt lite aktivitet annet enn en breddeturnering organisert av Playwell (med midler fra VESP). Aktive gamere kan overta vurderingen, da vi har tettere kontakt med klubbene, og et tett samarbeid med Norges e-sportforbund, der vi sitter i flere utvalg for å bidra og holde oss oppdaterte. Gjennom PLAY! Bergen arrangerer vi også turneringer for e-sportutøver både på bredde og toppnivå.

Bergen Stupeklubb*INN-004 · Idrettsorganisasjon**Tema: Inkludering*

Barn, unge og utenforskap samt psykisk helse prioriteres.

Bømlo kommune*INN-112 · Kommune*

Det bør vera nokon representert frå Sunnhordland i fagkomiteen.

Norges Husflidslag

INN-034 · Kulturorganisasjon

Tema: Immateriell kulturarv, Kulturminne, Stipend, Idrett

Kategorien handverk er «knytt til kulturarv innan byggeskikk og maritim kulturarv.» Dette vert svært smalt. Er det meint at det berre er båtbyggjarar og tømrrarar som skal kunne søke stipend? Kva med den rike tekstilarven vi har i Vestland? Eller rosemaling og andre typar utsmykking som treskjerjing og karveskrud? Føremålet med stipenda er å gje utøvarar «høve til å utvikle sitt virke i fylket». Samtidig vert det sett eit særskilt som krav for tradisjonshandverkarane at dei skal nytte utviklingsstipendet i samband med konkrete istandsettingstiltak. Eit utviklingsstipend bør ikkje ha som eit krav om å gjere eit arbeid ein handverkar kanskje allereie driv med til dagleg. Eit slikt stipend bør ha som mål å gi handverkarane moglegheit til å fordjupe seg, eller forske i det som ein ikkje har tid/moglegheit til i det daglege. Til samanlikning skal kunstnarstipenda gje utøvarane høve til «t.d. ein periode med fordjuping og/eller fagleg påfyll.» Det vert også stilt krav til minst 5 års relevant arbeidserfaring for handverkarane, dersom utøvaren ikkje har fag-eller sveinebrev. Dersom ein ser på krava til kunstnarstipenda, står det «høg realkompetanse». Til samanlikning er det ikkje krav til noko utdanning innan idrettsstipenda, men kunne vise til å ha markert seg med gode prestasjonar. Kravet til handverkarane står også i kontrast med korleis kandidatane vert vurderte: «Det skal prioriterast stipend til søkarar som er i etableringsfasen og/eller under 30 år». Kravet til 5 års relevant arbeidserfaring vil kunne føre til at personar som ikkje har hatt handverk som inntektsbringande arbeid, men like fullt ut har klart å opparbeide seg nok realkompetanse innan sitt fagområde vil falle ifrå. Det bør vere nok å skrive «høg realkompetanse» også for handverkarar. Det vert også gjeve unntak for bu og virke i Vestland for utøvarar innan vestnorsk folkemusikk, -dans og song. Dette bør kanskje også gjelde innanfor vestnorsk tradisjonshandverk? Fagkomiteen for kunstnarstipenda er delt inn i fire ulike grupper, men for immateriell og handlingsboren kulturarv er faggruppa slått saman. Er det nokon grunn til dette? Skal heile stipendpotten for immateriell- og handlingsboren kulturarv delast likt mellom musikk og handverk, eller vil det bli vurdert år for år kor mange som får stipend innan dei ulike greinene? Fagkomité for handverk har to organisasjonar innan fartøyvern og ein organisasjon innan generell tradisjonshandverk, som gjenspeglar kva som er skrive som målet for stipendordningar (bygg og maritim). Handverkslaget er ein nasjonal organisasjon, som i hovudsak har medlemar innan byggfaget. Det er også litt uvisst kor mange medlemar dei har frå Vestland som kan representere den vestnorske kulturarven. Vi meiner at Norges Husflidslag bør vere ein av organisasjonane som blir bedd om å nemne opp medlemar til fagkomiteen. På lik linje som Handverkslaget, har vi kompetanse innan mange ulike faggreiner innan tradisjonshandverk. Vi har regionhusflidslag både i Sogn og Fjordane og Hordaland og til saman nær 3000 enkeltmedlemer fordelt på 37 lokallag i Vestland. Vi har to fast tilsette husflidskonsulentar i Vestland, samt 19 Husflidshandverkarar som har fagbrev eller er juryert, som er eit krav til Husflidshandverkarmedlemsskapet. <https://husflid.no/nh-der-du-er/husflidhandverkerne/> Fagkomiteane for kunstnarstipenda vert delt inn i fire ulike kunstformer, som gjer ar samanslåinga av immateriell- og handlingsbåren kulturarv verkar litt spesielt. Skal t.d. Ole Bull Akademiet vere med å vurdere handverk og skal Handverkslaget vere med og vurdere folkedans? Det vil vere mest høveleg å dele inn i minst to fagkomitear; folkemusikk,-dans og -song og tradisjonshandverk. Vil elles vise til korleis Innlandet si stipendordning er blitt etter at dei gjorde endringar førre året. Verdt å nemne at dei også har delt stipenda inn i «etablerte kunstnere og utøvere» og «for unge kunstnere og utøvere». <https://innlandetfylke.no/tjenester/sok-tilskudd/stipend-for-e>

Olympiatoppen Vest

INN-077 · Idrettsorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Stipend, Idrett

Vi har 3 innspill til dette stipendet: 1. Under «Kven kan søke» står det at «utøvere som får toppidrettsstipend fra Olympiatoppen kan ikkje søke». Vi vil gjerne at dette endres slik at det ikke er avgjørende om utøvere har fått A, B eller U stipend fra Olympiatoppen, men heller er avhengig av inntekt slik som Olympiatoppen gjør med utdelingen av sine stipend. Dersom en utøver får A, B eller U stipend fra Olympiatoppen så er det på ingen måte nok til å leve av og utøvere er helt avhengig av økonomisk hjelp. Toppøtøvere kan få 3 ulike stipend av Olympiatoppen (sentralt). Stipendsatsene for individuelle stipend: • A-stipend 170 000 NOK • B-stipend 105 000 NOK • U-stipend 90 000 NOK A-stipend: Resultater som utløser tilbud om A-stipend: - Medalje i olympiske leker (OL) eller Paralympics (PL) Resultater som etter nærmere vurdering kan utløse tilbud om A-stipend - Toppresultater i OL, PL, VM, i spesielle tilfeller EM, og/eller konkurranser på tilsvarende nivå - Plassering blant de tre beste i verdenscup sammenlagt i olympiske eller paralympiske idretter B-Stipend: Stipendet kan etter nærmere vurdering tildeles utøvere som presterer nært opp til kravene for A-stipend i sin idrett gjennom: - Sterke plasseringer i OL, PL og VM - Særdeles gode resultater i EM og verdenscup, eller i konkurranser på tilsvarende nivå Stipendet kan tildeles utøvere som har hatt A-stipend tidligere. C-stipend: Stipendet kan etter nærmere vurdering gis til unge utøvere under 24 år som gjennom god resultatutvikling i internasjonale mesterskap og konkurranser viser at muligheten for å nå verdenstoppen i sin idrett er stor. I spesielle tilfeller kan også utøvere over 24 år tildeles utviklingsstipend. For alle stipend er det en inntektsgrense på ca 700.000,- og en avkortning fra 600.000,- 2. Para: Vi vil også spille inn at vi mener at Para utøvere bør søke på lik linje som alle andre, at det ikke trenger å være et øremerket stipend. En parautøver vil ha like stor sjanse for å få stipend etter kriteriene som er satt opp som andre utøvere. Det er færre para utøvere generelt og det vil være bedre at alle utøvere uavhengig av funksjon kan søke på samme stipend. 3. Antall stipend og beløp Det bør være satt et antall stipender som gis hvert år slik at det er forutsigbart for utøvere. Det bør også være satt et beløp i kr pr stipend.

Osterøy kommune

INN-060 · Kommune

Ingen kommentarar.

Rektor Kulturskulen

INN-016 · Kultursektor

Tema: Geografisk spreing, Stipend

Eg ønskjer å kome med eit innspel til stipendordninga for kultur og folkehelse. Eg ser dette som ei viktig ordning som kan gi rom for nye møte mellom kulturarbeid og folkehelse, og som kan bidra til både deltaking, livskvalitet og gode fellesskap i lokalsamfunna våre. Samtidig sit eg med ei uro eg håpar det er rom for å løfte fram. I kulturfeltet finst det mykje kunst og skapande arbeid som har ein verdi i seg sjølv, utan at det nødvendigvis kan eller bør målast i folkehelseeffekt. Når kultur alltid blir kopla tett til folkehelse, kan ein risikere at noko av fridomen og eigenarten i kunsten blir pressa inn i mål og forventningar som ikkje passar. For meg er det viktig at det framleis finst rom for kunst og kultur som får stå på eigne premisser. Difor håpar eg retningslinjene kan vere tydelege på at denne ordninga skal støtte prosjekt der samanhengen mellom kultur og folkehelse faktisk er meningsfull, utan at det blir ein generell målestokk for kulturfeltet elles. Eg meiner også det er viktig at ordninga er open og tilgjengeleg, med låg terskel for å søkje, rom for å prøve ut nye idear og moglegheit for både små og store miljø i heile fylket til å delta. Slik eg ser det, kan ei klok og romsleg utforming av stipendordninga både styrkje folkehelsa og samtidig ta vare på kunsten sin eigenverdi. Det vil vere eit godt utgangspunkt vidare.

Sogn og Fjordane folkemusikklag

INN-127 · Kulturorganisasjon

Tema: Immateriell kulturarv, Stipend

Vi ynskjer eit stipend for immateriell kulturarv, altså folkemusikk og folkedans, og eit for anna for handlingsboren kulturarv, som t.d. vestnorsk byggeskikk og maritim kulturarv, og at desse ikkje skal gå under eit stipend. Dette er for å sikre begge kategoriar kvart år. Ein samanslåing kan risikere at eine kategorien vert forsømt. Vi meiner òg at "formidling" bør leggst til under punktet "fremje handverksfagleg utvikling knytt til tradert kunnskap gjennom...". Formidling er òg ein viktig del av bevaringa av både materiell og immateriell kulturarv. Vi ynskjer at "song"-begrepet skal erstattast med folkesong, for å tydeleggjere tradisjonsfokuset i stipendet. Til slutt vil vi påpeike ein skrivefeil under overskrifta "Kunstnarstipendet". Der står det "Følgande organisasjonar blir bedt om å nemne opp medlemmer til fagkomiteen for immateriell kulturarv", når det skal stå "kunst".

Sogn og Fjordane Ungdomslag

INN-141 · Kulturorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Immateriell kulturarv, Stipend

Stipend innan kultur og folkehelse. Stipendordninga er eit viktig verkemiddel for fagleg utvikling og rekruttering. For Sogn og Fjordane Ungdomslag er det særleg viktig at dans og folkemusikk er tydelege målgrupper innan ordninga. Vi meiner at: -Stipend må vere tilgjengeleg både for unge talent og etablerte utøvarar. -Tradisjonskunst og immateriell kulturarv blir likestilt med andre kunstuttrykk. -Frivillig forankra kompetanseutvikling og instruktørutdanning blir vurdert som relevante føremål. Dans og folkemusikk representerer levande kulturarv og bidreg både til fysisk aktivitet, identitetsbygging og sosialt fellesskap – og bør difor vere ein naturleg del av satsinga innan kultur og folkehelse.

Springbrett for ungdom

INN-029 · Frivillig organisasjon

Tema: Stipend, Idrett

To år har en av våre ungdommer med vår hjelp søkt idrettsstipend. Han er norsk og nordisk juniormester i bueskyting. Han fikk avslag. Vi savner retningslinjer for hvem som kan søke. Må det gjøres fra idrettslag eller fra utøver med hjelp av oss, for eksempel..

Stiftelsen Bergen Danseseter

INN-025 · Kulturorganisasjon

Tema: Stipend

Under fellesdelen av kriteria til vurdering av kandidatar står setninga "Det skal prioriterast stipend til søkarar i etableringsfasen og/eller under 30 år." Dette meiner vi ikkje burde gjelde for kunstnarstipenda. Både nye og etablerte kunstnarar har veldig vanskeleg økonomi, og alle kan ha bruk for stipend. Det sender også eit underleg signal frå fylket om at ein ikkje har ansvar for, eller ønsker å fasilitere for, meir etablerte kunstnarar. Dette trur vi ikkje fylket ønsker å signalisere til kunstnarstanden. Vi trur at fylkespolitikarane også ser verdien av at ein har gode og etablerte kunstnarar innan fleire kunstfelt. Aller helst skulle ein også ha fått på plass norkre arbeidsstipend (i storleik som Bergen kommune eller statens kunstnarstipend), slik at fleire kunstnarar kunne vere sikra ein økonomi som gjer at ein kan fokusere meir på kunsten sin i ein periode. Men inntil ein har arbeidsstipend på plass, så meiner vi det i alle fall vil sende eit betre signal å fjerne denne setninga for ordninga som gjeld for kunstnarstipend.

Stiftelsen Litteraturhuset i Bergen

INN-021 · Kulturorganisasjon

Ingen kommentar, ser fint ut!

Stord kommune

INN-106 · Kommune

Tema: Museum

Me vil peika på at det i oversikta over organisasjonar som vert bedt om å nemna opp medlem til fagkomité ikkje er nokon frå Sunnhordland. Me meiner at også denne regionen burde vore representert. Me nemner mellom anna desse aktuelle organisasjonane: Sunnhordland museum, 100 dagar, Falturiltu, Moster amfi, Bømlø teater og Fartein Valen-stiftinga.

Sunnfjord kommune

INN-015 · Kommune

Sjølv om ordninga heiter kultur og folkehelse, kjem ikkje folkehelseperspektivet tydeleg fram. Ein kunne: krevje at søkjar synleggjer korleis arbeidet har samfunnsmessig eller helsefremjande verdi prioritere prosjekt med inkluderande eller deltakarorientert profil

Vestland idrettskrets

INN-087 · Idrettsorganisasjon

Tema: Frivillig sektor, Driftstilskot, Stipend, Idrett

Som med ordninga for driftstilskot, er vi opptatt av at "idrett" også bør stå i overskrifta. Dersom omlegging av tilskotsordningane skal bli enklare for den frivillige idretten er det viktig at det er enkelt å navigere seg fram til riktig ordning. Stipend innan kultur og folkehelse gir ingen direkte assosiasjon til stipendordning til idrettsutøvarar. Under "kven kan søke" ynskjer vi at det står "idrettslag i Vestland" i staden for "klubb". Vi vil også presisere at ordninga med stipend til idrettsutøvarar er svært viktig i denne aldersgruppa. Mange satsande unge idrettsutøvarar jobbar knallhardt for å betre prestasjonane sine og slike støtteordningar kan vere avgjerande. Vi vil difor støtte at rammene kring talet på stipend vert halde eller auka, og at det kjem fram kor mange stipend som skal tildelast og kva sum per stipend. Vi viser vidare til Olympiatoppen Vest sitt innspel, som vi støttar. Vi stiller spørsmål ved midlane som har gått til årets idrettslag breidde og topp, samt årets eldsjel? For idretten er det viktig med slike markeringar, og midlane kjem svært godt med til vidare utvikling lokalt. Om ein skal justere noko her er vi gjerne med i drøftinga, til dømes om ein endrar til årets idrettslag som ei kåring, i staden for å skilje på topp og breidde.

Alver kommune*INN-155 · Kommune**Tema: Føreseielegheit, Regional verdi, Kulturminne*

9. Kulturarenaar med regionale funksjonar. Namnet på ordninga ser ikkje ut til å stå i samsvar med alle formåla, som inkluderer tilskot til istandsetting av verneverdige bygg prioritert av kommunane, samt tilskot til arenavikling folkebibliotek. Det bør vurderast om ein kan justera namnet, for å tydeleggjera formåla som er inkludert i ordninga. Det ser ikkje ut til å vera stilt krav om antikvarisk restaurering av verneverdige kulturminne. Dette bør komma fram av ordninga og vera eit vurderingskriterium. Bygg som er vurdert til å ha ein regional verdi bør finst i ei liste. Om kommunane skal søkja eller avslå på vegne av fylkeskommunen, må dette vera føreseieleg. I dag kan det hende at fylkeskommunen tildeler regional verdi til kulturminne utan at kommunane er involverte og informerte. Ein må unngå situasjonar der kommunar kan verta bedne om å avslå søknadar, men fylkeskommunen deretter kan tildela midlar til dei same bygga på bakgrunn av nyleg tildelt regional verdi.

Askøy Kommune*INN-160 · Kommune**Tema: Kulturminne*

Navnet på ordningen synes ikke fullt ut å speile bredden i formålene som inngår. Ordningen omfatter blant annet tilskudd til istandsetting av verneverdige bygg som er prioritert av kommunene, samt støtte til arenavikling i folkebibliotek. Det kan derfor være grunn til åvurdere om navnet bør justeres, slik at det tydeligere reflekterer hvilke tiltak og satsingsområder som faktisk omfattes. Videre fremgår det ikke tydelig at det stilles krav om antikvarisk restaurering ved tilskudd til verneverdige kulturminner. Etter vår vurdering bør dette presiseres i ordningen og inngås som et eksplisitt vurderingskriterium.

Bømlo kommune*INN-113 · Kommune**Tema: Kulturminne*

Tilskotsordninga er uklar med region omgrepet, og me er uroa for korleis det lokale perspektivet blir ivareteke. Det er også uheldig med strengare krav til finansiering, dette kan slå uheldig ut. Krav til gjennomføring og drift er utfordrande slik dei er formulert, spesielt for antikvariske bygg.

KIK Sunnhordland: Kompetanseheving på kulturarvfeltet

INN-100 · Kulturorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Eigenandel, Regional verdi, Kulturarv, Kulturminne, Museum

Når det gjeld tilskot til kulturminne, framstår ordninga som plassert i ei ramme der ho ikkje fullt ut treff formålet. Det er uklårt kva slags kulturminne ordninga faktisk er retta mot. Slik ho no er utforma, er det grunn til å stille spørsmål ved om dei kulturminna som tidlegare har vore omfatta av ordninga, ofte med primært lokal verdi, vil nå opp i konkurransen om midlar innanfor eit breitt og regionalt orientert tiltaksfelt. I føremålsomtalen vert «istandsetting av verneverdige kulturminne» nemnt, men det er ikkje tydeleg om dette er eit sjølvstendig satsingsområde eller skal vurderast i lys av overordna regionale ambisjonar. Den sterke vektlegginga av regional funksjon og regional verdi skapar uvisse om det lokale perspektivet framleis vil vere tilstrekkeleg ivareteke. Ei viktig styrke ved tidlegare ordning for tilskot til vern av kulturminne har vore at ho har omfatta tiltak på kulturminne med lokal prioritet. Slike tiltak har stor verdi i lokalsamfunnet og for forvaltarar/eigarar av kommunalt verna kulturmiljø. Dersom regional verdi vert avgjerande kriterium, kan mange slike prosjekt falle utanfor. Det er vidare behov for større openheit om vurderingsgrunnlaget. Kva bygg og anlegg er vurderte til å ha høg regional verdi, og kvar er dette dokumentert? For å sikre føreseielegheit og likebehandling bør kriterium og prioriteringar vere tydelege. Krava til gjennomføring og drift bør presiserast nærare. For antikvariske bygg kan til dømes krav om universell utforming kome i konflikt med omsynet til verneverdiane. Det er difor viktig at regelverket opnar for faglege avvegingar i tråd med kulturminnefaglege prinsipp. Endringar i kravet til eigenfinansiering kan òg få uheldige verknader. Reduksjon i tilskotsdel til om lag ein tredel inneber ein høgare eigenandel enn det som tidlegare har vore signalisert. For eigarar av verneverdige bygg kan dette vere avgjerande for om naudsynte tiltak vert gjennomførte. Når det gjeld forvaltning av midlane, har praksis vore at tilskot skal tilbakebetalast dersom prioriterte prosjekt ikkje vert gjennomførte. Kommunen søker på vegner av innbyggjarane og har god oversikt over prioriteringar og framdrift lokalt. Det bør difor vurderast å opne for at kommunen kan omfordele ubrukte midlar til andre prosjekt innanfor same ordning, til dømes prosjekt som allereie har fått tilsegn, men ikkje maksimal tilskotsdel. Ei meir fleksibel løysing – etter modell av SMIL-ordninga – vil kunne styrkje den lokale koordineringa og sikre at tilgjengelege midlar faktisk vert nytta til gjennomførbare tiltak, innanfor dei rammene fylkeskommunen fastset. Når det gjeld museum, skal Museumsløft-ordninga implementerast i «Investeringsstilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar». Slik dette er formulert, kan det sjå ut til at den nye ordninga i hovudsak rettar seg mot investeringar og tidsavgrensa prosjekt, og i mindre grad mot langsiktig museumsfagleg utvikling og sektorovergripande samarbeid. Dersom slike tiltak skal ivaretakast gjennom andre verkemiddel, bør dette tydeleggjerast for å unngå svekking av utviklingsarbeidet i sektoren. Det langsiktige samarbeidet vårt med Sunnhordland museum har vore ein tydeleg suksessfaktor i prosjekta me jobbar med. Gjennom kombinasjonen av regional koordineringskapasitet og museumsfagleg kompetanse har ein sikra både lokal forankring og høg fagleg kvalitet i utviklingsarbeidet. Denne arbeidsforma har gitt gode resultat, og modellen har stor overføringsverdi til andre regionar. Erfaringane viser at tett samspel mellom kommunal koordinatorkompetanse og museum som fagleg institusjon kan styrkje både regional prosjektgjennomføring, kompetansebygging og langsiktig utvikling i sektoren - men dette krev gode og føreseielege tilskotsordningar.

Lærdal kommune

INN-134 · Kommune

Tema: Kulturminne

Viss formuleringane her er å tolka som at kommunar kan søkja tilskot til verneverdige bygg, er det veldig positivt, for slik har det ikkje vore før. Spørsmålet her er kva VLFK legg i «kulturminne». Me meiner altså at historiske/verneverdige bygg som kommunen eig absolutt bør omfattast av denne tilskotsordninga, for kommunar har gjerne opptil mange slike bygg som dei ikkje har sjanse til å vedlikehalda/rehabilitera pga stram kommuneøkonomi og/eller lite tilskotsmidlar å få til slikt for kommunar. Resultatet blir at bygga anten forfell eller blir selde til private - med svært vekslende resultat (er våre erfaringar)

Musea i Sogn og Fjordane STI

INN-039 · Organisasjon

Tema: Museum

Vidareføring av Museumsløft – dokumentert effekt og stor samfunnsverdi Tilskotsordninga Museumsløft har vore ei av dei mest verdifulle ordningane musea i Vestland har hatt tilgang til. Ho har:

Museum Vest

INN-082 · Museum

Tema: Frivillig sektor, Museum

Tilskotsordninga Museumsløft har vore ei av dei mest verdifulle ordningane musea i Vestland har hatt tilgang til. Ho har:

- lagt til rette for tverrfaglege utviklingsprosjekt
- styrkt vedlikehald og sikring av kulturhistoriske bygg
- gitt rom for fagleg samarbeid på tvers av institusjonar
- medverka til samskaping med frivillig sektor
- hatt ein utløysande effekt på nasjonale tilskot

Prosjektet Nytt fokus på museumsgjenstandane illustrerer dette: støtte på 900 000 kroner frå Museumsløft over tre år har gjort det mogleg å utløysa om lag 4 millionar kroner frå Kulturdepartementet. Dette viser kor kritisk viktig ordninga har vore for å sikre utvikling og nasjonal relevans. Det er difor avgjerande at desse midlane ikkje forsvinn når dei vert førte inn i ei ny, større ordning. Den reviderte Museumsløft ordninga i 2024 hadde fem tydelege kategoriar. Særleg viktig for museumsfeltet er kategori A: Tiltak som styrkjer fellesløysingar for musea i Vestland. Desse tiltaka har vore fundamentale for å utvikle felles faglege strukturar, mellom anna:

- kartlegging av båtsamlingane ved musea i Vestland
- forskingsinfrastruktur for musea i regionen
- «Å forske saman» – som byggjer vidare på forskingsinfrastrukturen
- samhandlingsprosjekt i regi av Bevaringstenestene

Dette er prosjekt som har fått nasjonal merksemd og som bidreg direkte til at Vestland fylkeskommune kan nå måla i regional kulturplan, der det heiter: «Vestland vil utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.» (Kultur bygger samfunn, 2023, s. 30) I utkastet til ny ordning under Investeringsstilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar ser vi at det særleg er kategori B, knytt til bygg og vøling, som kan førast vidare. Tiltak i kategori A–E er ikkje nemnde. Dette er svært problematisk. Ein rein byggretta ordning vil ikkje ivareta dei faglege utviklingsbehova musea har, og vil undergrave det strategiske samarbeidet som har vore bygd opp over tid.

Solund kommune

INN-096 · Kommune

Tema: Kulturminne

Det er også behov for støtte også til kulturhistoriske minner på offentlege stader, og som treng opprusting, Også kulturminne som ikkje er bygg.

Stiftelsen Litteraturhuset i Bergen

INN-022 · Kulturorganisasjon

Tema: Driftstilskot

Som nevnt over, det må komme frem om mottakere av driftstilskudd også kan motta midler fra denne ordningen. Litteraturhuset i Bergen er både et hus med mange praktiske, vedlikeholdsmessige behov, og en arena for litteraturformidling. Som mottaker av driftsmidler ville det være klargjørende å vite om hvor grenseoppgangen er.

Stiftinga Stemnebø Ting

INN-080 · Stiftelse

Tema: Søknadsfristar, Regional verdi, Kulturarv, Kulturminne

Stiftinga vår arbeider med å sikra kulturarv - særleg knytt til kystkultur. Me har erfaring med samarbeid med private og offentlege myndigheiter i høve organisering av arbeid, stønad og gjennomføring av prosjekt. Me ynskjer gjerne å koma med mnokre synspunkt på endrinagane som no vert foreslått. Innleiingsvis vil me seia at me ser behovet og nytten av å rydda opp i fylkeskommunen sine ulike tilskotsordningar, samkøyra fristar med meir. Eit omgrep som går igjen i denne retningslina er "kulturarenaer". Det er fint med ei forklaring på kva som er dekkja av denne kategorien. Me forstår at den skal dekkja mykje. Kankje er det lettare å nå ut til fleire om det vert arbeidd meir med dette omgrepet? Vidare står det "verneverdige kulturminne etter prioritering av kommunane". Mange kommunar gjer mykje godt arbeid med å kartlegga og dokumentera viktige kulturmiljø, men det er og mange kommunar som av ulike grunnar ikkje gjer eit tilsvarande arbeid - utan at det betyr at ikkje det finst viktige kulturarenaer med regional verdi i det området. Så kva som ligg i "prioritering frå kommunane" må gjerne nyanserast meir. Me vil gjerne og peika på at det i mange tilfelle er andre aktørar som har den kunnskapen og engasjementet som trengst for å synleggjera viktige regionale kulturmiljø. Dette kan t.d. vera Forbundet Kysten, Fortidsminneforeininga, Fartøyvernssenter etc. Vurderingar frå slike hald bør løftast opp som viktig å vurdere i søknadsamanheng. Under pkt 2 som gjeld istandsetjing av kulturhistoriske bygg m.m. kan med fordel omgrepet kulturmiljø løftast fram som meir dekkande. Kravet om prioritering av kommunane bør også her med same argument som nemnt over. Og eit viktig forhold, meiner me, er å gjera ei ny vurdering av vilkåret om "regulert til bevaring/omsynssone...." Mange, kanskje dei fleste, kulturmiljøa som er aktuelle her er ikkje del av ein reguleringsplan. Heller ikkje arealdelen av kommuneplanen har nødvendigvis fanga opp desse kulturmiljøa i dag - sjølv om det på overordna nivå er meir og meir vanleg å kopla arealdelen med t.d. kulturmiljøplanar. Punkt 2 kan det difor heller knytast opp mot uttalar frå ulike fagmiljø/interesseorganisasjonar, omtale i kulturmiljøplanar etc.

Stord kommune

INN-107 · Kommune

Tema: Føreseielegheit, Eigenandel, Regional verdi, Kulturminne, Museum

Sjå problematisering av region-omgrepet under punkt 1. Verneverdige kulturminne: I føremålet vert «istandsetting av verneverdige kulturminne» nemnt, men det er uklart om dette er meint som eit sjølvstendig element, eller om det skal forståast i samanheng med dei regionale ambisjonane elles i teksten. Ei sentral styrke ved ordninga Tilskot til verna kulturminne har vore at ho har omfatta kulturminne med primært lokal verdi og lokal prioritering – til dømes restaurering av vindaug i ein flor, takvøla på eit naust eller kledning på eit stabbur. Dette er tiltak med stor betydning lokalt, sjølv om kulturminnet, til dømes, ikkje nødvendigvis er like sjeldan eller autentisk i eit regionalt perspektiv. Når føremålet i så stor grad er gjennomsyra av region-omgrepet, skapar det uro for om dette lokale perspektivet framleis vil vere ivareteke. Kvar finn ein oversikt over kva for bygg og anlegg fylkeskommunen har vurdert til å ha høg regional verdi? Strengare krav til eigenfinansiering kan slå uheldig ut. Tidlegare har det vore signalisert ei øvre grense på inntil 50 %, medan kravet no er sett til 1/3. Vidare er krava til gjennomføring og drift utfordrande slik dei er formulerte. For antikvariske bygg kan dette bli særleg problematisk, då universell utforming ikkje alltid let seg gjennomføra utan at det går på kostnad av verneverdiane. Under punktet «kven kan søkje om støtte» er kommunar nemnde. Inneber dette at kommunar kan søkje stønad til eigne verna bygg? I så fall er dette eit svært positivt grep. Museum: Museumsløft-ordninga skal implementerast i "Investeringsstilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar". Det kan sjå ut til at den nye ordninga i hovudsak er avgrensa til prosjekt, kortsiktig aktivitet eller investering i anlegg og ikkje dekkjer langsiktig museumsfagleg utvikling eller sektorovergripande samarbeid på same måte som Museumsløft har gjort. Dersom denne type aktivitet blir dekkja av andre ordningar må det blir meir tydleg. Omfordeling: I ordninga Tilskot til vern av kulturminne har praksis tidlegare vore at midlar må tilbakebetalast til fylkeskommunen dersom eit prioritert prosjekt ikkje blir gjennomført. Kommunen søkjer på vegner av innbyggjarane og har oversikt over både prioriterte og pågåande tiltak. Me meiner difor det bør opnast for at kommunen kan omfordela ubrukte midlar til andre prosjekt innanfor same ordning. Dette kan til dømes gjelde prosjekt som allereie har fått tilsegn om tilskot, men som ikkje har nådd maksimal prosentvis tildeling. Me etterspør ei meir fleksibel løysing etter modell av SMIL-ordninga (Spesielle miljøtiltak i landbruket), der kommunen har større handlingsrom til å disponere midlane innanfor gitte rammor. Ei slik ordning vil gjere det enklare å koordinere innsatsen lokalt, til dømes i samarbeid med landbrukskontoret og andre tilskotsordningar, og sikre at tilgjengelege midlar faktisk blir nytta til tiltak som blir gjennomførte. Bibliotek: Me reagerer på: Søknadssummen kan utgjere inntil 1/3 av totalkostnaden for prosjektet. Det er fylkestinget som vedtar rammene for tilskotsordninga gjennom årsbudsjetta. For kommunar som oss vil det at me må dekkja 2/3 av eit prosjekt gjere at me og fleire vil få problem med å søkja desse midla.

Voss herad

INN-123 · Kommune

Tema: Eigenandel, Geografisk spreiding, Regional verdi, Kulturminne, Demokrati

1. Bibliotekutvikling. Vi støttar målsettinga om å styrke den regionale kulturinfrastrukturen i fylket. Folkebiblioteka er blant dei mest brukte og inkluderande kulturarenaene i Vestland, og spelar ei sentral rolle for demokrati, deltaking, folkehelse og livslang læring. Biblioteket si rolle. Lokal forankring, regional betydning Folkebiblioteket har eit lovpålagt lokalt samfunnsoppdrag. Utvikling av biblioteket som møteplass og kulturarena har ofte primært lokal effekt, og skal ha det. Det er i lokalsamfunnet biblioteket verkar, byggjer fellesskap og sikrar deltaking. Samtidig utgjør biblioteka samla sett ein del av den regionale kulturinfrastrukturen gjennom samarbeid, nettverk, kompetansedeling og felles tenester. Ei styrking av det enkelte bibliotek styrker difor heilskapen. Vi meiner difor at ordninga må opne for at bibliotekprosjekt kan støttast også når effekten i hovudsak er lokal, så lenge tiltaket bidreg til å oppfylle overordna kulturpolitiske mål. Eit for strengt krav om dokumenterbar «regional verdi» kan utilsikta avgrense moglegheita for utvikling av bibliotek i mindre kommunar. Høg eigenandel kan svekke måloppnåinga. Kravet om at tilskot kan utgjere inntil 1/3 av totalkostnaden inneber ein høg eigenandel. For bibliotekprosjekt, som ikkje genererer eigeninntekter, kan dette vere ei betydeleg hindring. Konsekvensen kan bli at: - Kommunar med svakare økonomi ikkje har reell moglegheit til å søke - Geografiske skilnader i kulturtilbod blir forsterka - Ordninga i praksis favoriserer økonomisk sterke kommunar Dersom målet er betre tilgang til kulturtilbod i heile fylket, bør det vurderast om samfunnseffekt og funksjon vert vektlagt tyngre enn lokal finansieringsevne. Arenautvikling må forståast breitt Moderne bibliotek krev fleksible løysingar, universell utforming og teknisk infrastruktur for å fungere som opne kulturarenaer. Det er viktig at investeringsomgrepet blir praktisert slik at reell utvikling av møteplassfunksjonen blir mogleg. Avslutning Investering i bibliotek er investering i open, inkluderande og varig infrastruktur for kunnskap, kultur og demokrati. For å nå målsettinga om likeverdig tilgang i heile fylket, må ordninga gi rom for bibliotekutvikling også der effekten primært er lokal, men samfunnsnytta er stor.

2. Kulturminne. Navnet på ordningen synes ikkje fullt ut å speile bredden i formålene som inngår. Ordningen omfatter blant annet tilskudd til istandsetting av verneverdige bygg som er prioritert av kommunene, samt støtte til arenautvikling i folkebibliotek. Det kan derfor være grunn til å vurdere om navnet bør justeres, slik at det tydeligere reflekterer hvilke tiltak og satsingsområder som faktisk omfattes. Videre fremgår det ikkje tydelig at det stilles krav om antikvarisk restaurering ved tilskudd til verneverdige kulturminner. Etter vår vurdering bør dette presiseres i ordningen og inngå som et eksplisitt vurderingskriterium.

Øygarden kommune, kultureininga

INN-120 · Kommune

Tema: Regional verdi, Kulturarv, Kulturminne

Innrettinga av den tidlegare tilskotsordninga for verna kulturminne har vore utydeleg kommunisert overfor innbyggjarane og kommunane. Utrå informasjonen på nett har det vore vanskeleg for innbyggjarane å forstå at søknadene skal gå via kommunane. Det har heller ikkje vore heilt enkelt å skjønna kva som gjer eit kulturminne kvalifisert for tilskot. Namnet på den nye overordna tilskotsordninga «Investeringsstilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar» gøymer vekk kulturminnedelen av ordninga, som, slik vi forstår det, ikkje treng gjelda ein arena eller ha ein regional funksjon. Namnet bør endrast. Når ein no gjer endringar, burde kriterier m.v. blitt lettare å forstå, men i framlegget er det nesten tvert om. Det står at kulturminna skal vera «regulert til bevaring/omsynssone, vern eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi.» Her er det altså tre ulike vernetypar som kvar for seg kan gjera eit kulturminne kvalifisert. Det er likevel uklart kva som er meint med nr. 2 her, dvs. «regulert til [...] vern». Tenker ein her på vern gjennom generelle føresegner i KPA? Eller vern gjennom kulturmiljøplan (som vel ikkje er ei regulering)? Vidare står det under vedleggskrav at ein skal dokumentera at kulturminna er «prioritert i kommunal kulturminneplan» og «regulert til bevaring/omsynssone etter plan- og bygningslova». Etter vår oppfatning er «prioritert i kommunal kulturminneplan» og «regulert til bevaring/omsynssone etter plan- og bygningslova» to ulike måtar å verna eit kulturminne, som i begge tilfelle vil kvalifisera for vernetypen «kommunalt listeført» i Askeladden. Det vil etter vår meining vera urimeleg å krevja at eit kulturminne både skal vera prioritert i kommunal kulturminneplan og regulert til omsynssone for å få tilskot. Det er problematisk at ein opererer med omgrepet «kulturminne av regional verdi eller interesse» under «Slik vurderer vi søknadene». For det første er vel regional verdi/interesse berre eit av tre moglege kriterium, jfr. det som er nemnt tidlegare. Vidare er det viktig å vera merksam på at dei fleste ikkje-freda kulturminne som fylkeskommunen har registrert i Askeladden, og dermed vist ei regional interesse for, no ligg inne i denne databasen med vernetypen «uten vern». Dette er misvisande. Tidlegare hadde dei fleste av desse kulturminna vernetypen «ikke fredet», noko som ifølgje fylkeskommunen sjølv innebar at kulturminna var verna (eller i det minste verneverdige), men ikkje freda. Vernetypen «regionalt verneverdig» er brukt svært lite i Vestland. Innanfor grensene til fylkeskommunen er det registrert berre 54 slike, og det framstår som litt tilfeldig kva kulturminne som har fått denne statusen, og i kva område vernetypen er brukt. Det er til dømes ingen kulturminne med vernetypen «regionalt verneverdig» i dei ytste kyststroka. Det bør gjerast tydelegare at det som står om universell utforming og bruk til kulturformål ikkje gjeld kulturminnedelen av ordninga.

Bergen Stupeklubb

INN-005 · Idrettsorganisasjon

Her bør internasjonale konkurranser som samler mange utøvere fra flere nasjoner (over 10 nasjoner) få mulighet til å få støtte selv om det ikke har status som mesterskap

Stiftelsen Litteraturhuset i Bergen

INN-023 · Kulturorganisasjon

Ingen kommentar.

Trond Mohn Games og Hordaland Friidrettskrets

INN-091 · Idrettsorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Frivillig sektor, Idrett

Vi er svært takknemlige for at Fylkeskommunen her innretter ordningen annerledes enn den tidligere, der man fokuserte på mesterskap. Der er årlig to store internasjonale idrettsarrangement innefor verdensidrettene friidrett og svømming, som trekker til seg utøvere av høy internasjonal kvalitet. Disse to arrangementene, Trond Mohn Games og Bergen Swimfestival, medfører stor verdiskapning for Vestland og frivilligheten. Trond Mohn Games med sitt nivå World Athletics Continental Tour Silver medfører mange krav fra det internasjonale forbundet. Et av krevene er en omsetning på minimum EUR 500.000. Arrangementet trekker til seg store sponsorer, men er helt avhengig av forutsigbar støtte fra det offentlige. Vi er så heldige å ha kommet inn på bylinje i Bergen kommune sitt budsjett, som gir en årlig støtte over 4 år. Vi håper selvsagt at denne støtteordningene også kan åpne opp for en lenger periode enn 1 år av gangen.

Vestland idrettskrets

INN-088 · Idrettsorganisasjon

Tema: Føreseielegheit, Idrett, Berekraft

Ved samanslåing av disse ordningane forstår vi at det kan gi noko meir fleksibilitet i tildelingane basert på behov, dette ser vi på som positivt. Vi meiner det er viktig at det kjem fram at det er "idrettsfaglege vurderingar" som ligg til grunn for tildeling, og ikkje kulturfaglege vurderingar. Her ynskjer vi at idretten blir tatt med i vurderingane. I føremålet står det at tilskotsordninga skal bidra til at aktørar i Vestland blir tildelt berekraftige nasjonale og/eller internasjonale idrettsarrangement. Vi stiller spørsmål til kva som ligger i begrepet berekraftige i denne samanheng? Vi ynskjer oss at det blir meir definert kva som ligg i "nasjonale arrangement" og "internasjonale arrangement", og eventuelt då ei kjent prioritering av typar arrangement (meisterskap, verdensseriar o.l.). Det bør også settast ei nedre aldersgrense på kva type juniorarrangement som kan søke. Vi meiner vidare at de bør re-vurdere om oppgradering/rehabilitering av idrettstustyr kan få støtte, eller kva som ligg som bakgrunn for kvifor ikkje oppgradering/rehabilitering kan vere med i ordninga. For mange anlegg kan nettopp ei oppgradering av utstyret i anlegget vere viktig for framtidig store nasjonale eller internasjonale arrangement. Positivt at arrangementa som har årlege gjennomføringar har komt over på driftsbudsjettet – dette gir forutsigbarhet.